



Budsjett og Økonomiplan

2025 - 2028



INNHOLD

Kommunedirektøren si innleiing	4
Ord og omgrep i økonomiplanen	7
Sykylven kommune – politisk og administrativ organisasjonsmodell	10
Budsjettprosessen – framdrifta har vore slik:.....	11
Oppsummering.....	11
Driftsutgifter:.....	12
Investeringar:.....	12
Nasjonale, regionale og lokale føringer.....	12
Nasjonale føringer:	12
Regionale føringer:	14
Lokale føringer:.....	14
Analyse og statistikk	18
Rammefaktorar 2025	19
Inntektsrammer 2025 til fordeling på tenestene	20
Forslag til fordeling av midlar til drift av tenestene for 2025	21
Løyvingane til kvart budsjettområde	22
Dei kommunale tenestene	23
Klimabudsjett	25
Kommunalområde oppvekst	26
Kommunalområde helse	34
Kommunalområde samfunn.....	41
Stab, økonomi, personal og lønn, næring	45
Investeringar i økonomiplanperioden.....	49
Saksgang:.....	53
Kommunedirektøren sitt innspel til innstilling i formannskapet.	54
Vedlegg	55



Folketallet
2. kvartal 2024

7 619

innbyggere



Vekst i befolkningen siste kvartal
2. kvartal 2024

0 personer



Fødte
2023

57 personer



Døde
2023

62 personer



Nettoflytting[¶]
2023

-9 personer



Pendlar ut av kommunen
2023

855 personer



Pendlar inn til kommunen
2023

511 personer



Barn med barnehageplass
2023

95,2 %



A B C Elever som får særskilt norskopplæring[¶]
2023

8,3 %



Eneboliger
2024

2 694



Leiligheter
2024

166



Hytter[¶]
2024

718 hytter



Bor på landbrukseiendom
2023

10,8 %



Beboere per husholdning
2024

2,2 personer

Kjelde alle figurar: SSB Kommunefakta

Kommunedirektøren si innleiing

Sykylven kommune har ansvar for tenester vi alle er avhengig av, og auken i talet på eldre gjer at behovet for ulike tenester vil auke. I tida framover vert det viktig å gjere bærekraftige val i det daglege, som og som står seg i den framtida vi ønskjer oss.

Kommune-Norge står framfor store endringa og dette gjeld og Sykylven kommune.

Demografiframskriving syner at vi kjem til å måtte greie oss med mindre arbeidskraft generelt i Norge framover. Medan det i 2019 var fire personar i arbeidsfør alder per person over 67 år, vil det i 2060 vere så vidt meir enn to.

Dei sterke signala frå nasjonalt hald om at budsjetta skal ned har no blitt synleg for alle, og politisk vil handlingsrommet bli opplevd som mindre. Utfordringane med at inntektene går ned er at lovkrav og forventningar ikkje gjer det same. Over tid har dette medført ein ubalanse i økonomien til fleire og fleire kommunar. Gapet mellom det som vert forventa og den økonomiske realiteten er med andre ord for stor. Dette er gjeldane for oss, også etter endringane i inntektssystemet for 2025.

Både innbyggjarar, politikarar og tilsette i kommunen ønskjer at alle skal få det dei forventar og treng. I åra framover har vi ei felles utfordring kring å formidle denne ubalansen mellom forventningar og tilgjengelege ressursar, og at vi står i vanskelege prioriteringar mellom mange gode føremål. I desse prioriteringane vil det oppstå både dilemma og verdikonfliktar. På den andre sida skal vi formidle ambisjonar om å utvikle meir strukturerte og effektive tenester som vil sikre gode velferdstenester til innbyggjarane også i framtida.

Budsjettprosessen er og i år ekstra utfordrande. Det er globale uro, fortsatt krig i Europa, presidentval i USA, energimangel og eskalerande klimaendringar. Dette påverkar fortsatt sterkt utgiftssida i form av renteauke, prisstiging og utfordringar med rekruttering.

Lokalt formidlar fagfolka våre auka behov grunna nye utfordringar og oppgåver som må løysast. Dette er dyktige og dedikerte fagfolk med store ambisjonar for utvikling av tenestetilbodet, noko som er positivt og syner at vi har eit høgt ambisjonsnivå og stor vilje til å gje best mogeleg tenester til innbyggjarane i Sykylven.

Dei same fagfolka vert no utfordra på å formidle til innbyggjarane våre, som dei møter dagleg, at krava må senkast og at vi ikkje kjem til å kunne gi dei same tenestene på same måte som før. Det er no heilt klart at vi må søke løysingar med «vi og oss» i seg framfor «eg og meg».

Vi må jobbe smartare, seies det. Ei hovudoppgåve framover er å setje ord på kva dette betyr i praksis. Sykkylven kommune har allereie tatt nokre fornuftige val i rett retning, men har fortsatt store oppgåver i å sette tankar og ord om i gjerning på fleire områder.

Å jobbe smartare kan handle om ulike ting. Mellom anna å etablere ein skule- og barnehagestruktur som gjev synergiar. Å utvikle bustadar som gjer at eldre meistrar eigne liv lenger, og slepp å bli institusjonspasientar tidlegare enn naudsynt. Ta i bruk teknologi som frigjer menneskelege ressursar, som skaper tryggleik, meistring og auka livskvalitet.

Ein viktig suksessfaktor framover vert samarbeid med frivillige, pårørande og innbyggjarar.

Når prioriteringane er vanskelege er det lett å hamne i ein diskusjon kring lovpålagte og ikkje-lovpålagte oppgåver. Kommunedirektøren vil her understreke at dei aller fleste tenester har ei lov å relatere sin teneste til. Dei fleste lovene er vel og merke ikkje absolutte. Dette betyr at det må utøvast skjønn når tenestene skal gjevast innhald. Dette betyr å tilby tenester med rett innsats på rett nivå. I dette biletet kjem av og til diskusjonen om lovpålagde eller ikkje lovpålagde tenester til kort, då den ofte bidreg til å overforenkle ei kompleks problemstilling kring kva som er dei kloke vurderingane kring bruk av ressursar til det beste for innbyggjarane på kort og lang sikt.

Budsjettprosessen syner at tenestene har omstettingsforventningar i økonomiplanperioden 2025 – 2028. Einingsleiarane har arbeidd effektivt og i tett samarbeid med sine tilsette og sine kommunalsjefar for å finne løysingar for korleis vi skal gi gode tenester til innbyggjarane innan budsjettrammene og til god kvalitet.

Forsvarlege tenester også i framtida krev strukturendringar og ei organisering som har fokus på mål og resultat. Fleire slike endringar er allereie iverksett i kommunen og vil bidra til å kunne redusere utgifter i framtida.

Vi lever i ei tid med skiftande føresetnadnar og komplekse utfordringar. Denne usikkerheita gjer at omgjevnadane vert mindre plan-styrt. Det å lage fasiten for neste år gjennom å vedta ein budsjett- økonomiplan på detaljnivå ikkje lenger eit godt nok verktøy for styring. Med bakgrunn i dette legg kommunedirektøren opp til at det også i 2025 – 2028 vert vedtatt ramme på hovedområda (kap 2-8) og ikkje på einingsnivå. Dette skaper større fleksibilitet og vil gjere at den kommunale organisasjonen enda betre styre etter mål og resultat i tenesteytinga, framfor knytt til einingar og avdelingar.

Klimaendringar er ei av dei store utfordringane vi står midt inne i no og i tida som kjem. Den globale oppvarminga er venta å halde fram utover i dette århundret. Det aukar risikoen for ekstremvêr, meir nedbør, flaum og havforsuring. For å bremse den globale oppvarminga må vi redusere utslepp av klimagassar. Noreg sitt klimamål for 2030 er å redusere

klimagassutsleppa med minst 55 % samanlikna med 1990. På lik linje med alle andre kommunar må Sykkylven jobbe mot å nå dette målet.

Med bakgrunn i dette innfører Sykkylven kommune klimabudsjett frå 01.01.2025, som ein del av budsjett- og økonomiplanen. Klimabudsjettet vil vere eit styringsverktøy som kan hjelpe oss med å jobbe meir systematisk og målretta i klimaarbeidet.

For å framleis ha stø kurs i skiftande omgjevnadar er det viktig å peike ut ei tydeleg retning. Det er difor nedfelt nokre overordna styringsprinsipp som kommunedirektøren foreslår å arbeide mot. På alle nivå i organisasjonen skal der fortløpande identifiserast tiltak som understøtter desse prinsippa.

Overordna målet er at vi skal vere ei berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål. Endringsvilje og skaparglede med resultatfokus er grunnlag for omstilling og utvikling. Tett samarbeid mellom kommune, næringsliv, frivillighet og ulike kompetansemiljø legg grunnlag for ei berekraftig utvikling.

God leiing og gode plan- og styringsprosessar er ein føresetnad for at Sykkylven kommune kan ivareta rolla si som tenesteytar, samfunnsutviklar og demokratisk arena. God verksemdstyring skal ivareta både folkevalde og kommunedirektøren sitt ansvar for strategisk styring, prioritering og resultatmål.

Målet er at vi skal ha heilskapleg styring for:

1. mål og resultatstyring – overordna mål og føringa vert omsett til praktisk handling i einingane
2. internkontroll – skal sikre at vi veit kva vi er lovpålagd å gjere og at vi fortløpande undersøker om vi har kontroll og er på rett veg
3. risikostyring skal sikre at vi innrettar innsatsen der det trengs mest
4. innovasjon og utvikling er vi omstiller fortløpande for å tilpasse oss nye rammevilkår

Prinsippa som gjeld for budsjett- og økonomiplanperioden 2025 – 2028 er:

Vi tildeler tenester målretta og avgrensa for å sikre at vi rettar innsatsen mot der det har mest effekt. Kortare og meir avgrensa tilbod til enkeltpersonar vil sikre at fleire får glede av det vi har av samla ressursar.

Vi er tidleg ute med førebyggande tiltak. Vi legg til rette for at innbyggjarane meistrar eige liv så lenge som mogeleg. Dette vil utsetje dei meir inngripande og ressurskrevjande tiltaka. Tidleg innsats samarbeider vi om på tvers av fag, med frivillige, pårørande og næringsliv.

Vi har ein bustadpolitikk og eit investeringsprogram som støttar opp om dette.

Vi tenkjer klima og miljø i alt vi gjer: arealeffektivitet og sambruk, energisparing og ressurssparing generelt, og vi nyttar innkjøpsstrategien vår til å påverke positivt.

Vi endrar organisasjonen i takt med nye behov. Vi skal til ei kvar tid ha ein organisasjon med klare og tydelege roller og ansvar, som sikrar heilskapstenking.



Ord og omgrep i økonomiplanen

Økonomiplanen er ein sentral del av Sykkylven kommune si heilskaplege styring. Den omfattar heile kommunen si verksemد og skal gje ei realistisk oversikt over forventa inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden 2025-2028.

Klimabudsjet:

Klimabudsjet vert frå 01.01.2025 inkludert i budsjett og økonomiplanen, for å tydeleggjere og forankre klimaarbeidet i kommunen. Klimabudsjettet inneheld oversikt over prioriterte klimatiltak, og viser ansvaret for gjennomføring og finansiering. Det vil vere eit viktig styringsverktøy for å jobbe meir systematisk og målretta i klimaarbeidet.

Det ligg i planstrategien at kommunen skal utarbeide ein energi- og klimaplan i løpet av 2025. Denne planen vil utgjere grunnlaget for framtidige klimabudsjet. I år sett vi opp eit klimabudsjet slik at vi kjem i gang og har noko å bygge vidare på, sjå vedlegg 9.

Klimabudsjettet vil henge tett saman med klima- og miljømåla i kommunedirektøren sitt oppdragsbrev til tenesteområda.

Oppdragsbreva si hensikt er å omsette overordna mål til handling i tenestene, og status blir følgd opp jamleg gjennom året. Det blir også lagt opp til halvårleg rapportering på tiltaka i klimabudsjettet.

I tillegg til klimabudsjet, skal kommunen innføre klimarekneskap i 2025. Med det kan vi sjå klimabudsjettet og klimarekneskapen i samanheng og bruke begge som styringsverktøy mot å nå klimamåla i åra som kjem.

Økonomiplanen består av ein driftsdel og ein investeringsdel. Det første året i økonomiplanen legg rammene for årsbudsjettet der bevillingane er bindande, medan dei resterande åra gjev rammer for å planlegge dei seinare budsjettåra.

I forskrift til kommunelova er det bestemt kva for skjema som er obligatoriske å leggje inn i økonomiplanen:

Budsjettskjema 1A: *Dette er ei oversikt som syner kommunen sine frie disponible inntekter.* Dette er inntekter som ikkje knyt seg til bestemte formål i budsjettet, der kommunestyret avgjer kva midlane skal gå til. Inntekter som er knytt til bestemte formål er inkludert i rammene til dei ulike budsjettområda (øyremerka tilskot, sjukelønnsrefusjonar, brukarbetalingar og gebyr). Under frie disponible inntekter finn vi skatt på inntekt og formue, rammetilskot frå staten, eigedomsskatt og andre inntekter som til dømes integreringstilskotet.

Budsjettskjema 1B : *Løyvingane til kvart budsjettområde er spesifisert i budsjettskjema 1B.* Eit budsjettområde er summen av dei einingane som arbeider med oppgåveløysing innanfor same sektor, til dømes barnehagar, skular, tekniske områder, helse og omsorg. Rammene per budsjettområde er nettorammar. Dette vil seie at rammene er inkludert inntekter som er direkte knytt til dei aktuelle tenestene, som øyremerka tilskot, sjukelønnsrefusjonar, brukarbetalingar og gebyr.

Kommunestyret vedtar rammene for dei enkelte budsjettområda(kapittel 2-8-kommunalområde) medan det er kommunedirektøren som har ansvaret for den interne fordelinga mellom einingane i det einskilde budsjettområdet. Dette vil seie at det er kommunestyret som avgjer kor mykje kommunen skal nytte til området til dømes barnehage eller skule, medan det er kommunedirektøren som avgjer fordelinga av desse rammene på einingsnivå. Dette vert gjort fordi fordelingsnøklane mellom dei ulike einingane baserer seg på årlege svingingar i kull, enkelttiltak osv. som skal sikre likeverdig handsaming innanfor det kommunestyret samla sett prioriterer til området. Vidare vil kommunedirektøren via kommunalsjefane delegere ansvaret for disponeringa av ramma ned til kvar enkelt einingsleiar som avgjer korleis ramma skal nyttast for å best mogeleg oppnå dei mål og krav som er sett til eininga.

Budsjettskjema 2A (*Bevilgningsoversikt investering jf. §5-5 første ledd*) viser kommunen sine investeringar i varige driftsmidlar (skule, barnehage, omsorgsbustadar etc.), andre investeringsutgifter som utlån av midlar, og korleis investeringane er finansiert. Kommunen har ulike finansieringskjelder - bruk av lån, kompensasjon for meirverdiavgift knytt til investeringsutgifter, tilskot, sal av varige driftsmidlar og finansielle anleggsmidlar, overføring frå drift etc. Denne oversikta finn ein nedst i dokumentet og som vedlegg.

Budsjettkjema 2B (*Bevilgningsoversikt investering jf. §5-5 første ledd*) er ei oversikt over korleis investeringane skal finansierast (eigenkapital, lån, tilskot eller anna finansiering). Oppstillinga skal innehalde bruttobeløp.

Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat betyr dei samla driftsinntektene minus utgiftene som er knytt til den årlege drifta av kommunen (inkludert avskrivingar). Eit godt brutto driftsresultat kan nyttast til å svare for høge rente- og avdragsutgifter som følge av høg lånegjeld, til eigenkapital i investeringar, til å handtere uføresette utgifter og svikt i inntektene eller til inndecking av underskot frå tidlegare år.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat syner kva som er igjen etter at alle utgifter (dvs. lønns- og driftsutgifter og rente- og avdragsutgifter) er trekt frå inntekter. Avskrivingane er eliminert ved at dei har ein motpost før netto driftsresultat. Det er avdragsutgiftene som dermed påverkar resultatet i kommunebudsjettet.

Netto driftsresultat syner kor mykje som kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsettast til seinare bruk (disposisjonsfond), og er eit utrykk for kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Staten legg til grunn at kommunen sett under eitt bør ha eit netto driftsresultat som utgjer minimum 1,75 prosent av driftsinntektene. Netto driftsresultat er det mest brukte resultatomgrepet i kommunesektoren. I 2025 burde dette utgjere ca 13 million.

Meir-/mindreforbruk

Dette er botnlina i kommunebudsjett og -rekneskapen. Denne består av differansen mellom årets inntekter og utgifter (netto driftsresultat), av avsetningar til seinare bruk (fond) og bruk av tidlegare oppsparte midlar (fond) og overføring til investering.

Dersom ei kommune får eit rekneskap med meirforbruk, må dette dekkast inn i løpet av dei neste to åra. Kommunar med eit rekneskap med meirforbruk på meir enn 3 % av brutto driftsinntekter vert meldt inn i ROBEK.

Kva er KOSTRA?


KOSTRA (KOmmune-STat-RAporterung) er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev styringsinformasjon/ statistikk om kommunar. Ved hjelp av KOSTRA får vi eit grunnlag for å vurdere kommunane sin ressursbruk og for å kunne samanlikne seg med andre kommunar.

Data vert rapportert 4 gonger i løpet av året. SSB publiserer ureviderte tall for kommunane 15. mars, og justerte tal 15. juni.

Oppdaterte Kostra tall finn du i denne linken: <https://www.ssb.no/kommunefakta/sykylven>


Sykylven kommune – politisk og administrativ organisasjonsmodell

Politisk organisering



Figur 1 Politisk organisering

Administrativ organisering



Figur 2 Administrativ organisering som no er under evaluering. Nokre endringar kjem på plass til nyttår med bl.a. at Stabsområdet får 4 eininger/fokusområde – direkte under kommunedirektør. Dette vil vere Økonomi, Stab/fellestenester, HR-område og Næring.

Evt andre tilpasningar/endringar kjem på plass i løpet av 2025.

Budsjettprosessen – framdrifta har vore slik:

Kva	Kven	Når
Utsending av plan for budsjettprosessen	Økonomi	22.august
Formannskapet – informasjon om budsjettprosessen	Kom.dir/Økonomi	2.september
Kommunestyret – informasjon om budsjettprosessen	Kom.dir/Økonomi	9.september
Grunnlag for administrative budsjetttrammer til einingane	Kom.dir/Økonomi	12.september
Endelege budsjetttrammer til einingane	Kom.dir/Økonomi	10.oktober
Statsbudsjettet vert lagt fram	Regjering	7.oktober
Dialogmøte – politisk og administrasjon	Formannskap	21.oktober
Budsjettpresentasjon i kommunestyret – kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak		11.november
Handsaming i NU, LK, AMU, FUNK, ELD og UNG		Veke 47
Dialog/ spørsmålmøte mellom administrasjon og politikk		25.november
Formannskapet sitt budsjettframlegg		28.november
Kommunestyret sitt budsjettframlegg		16.desember

Oppsummering

Her kjem ei kort oppsummering av kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2025 og økonomiplan 2025- 2028. Oppsummeringar omhandlar hovudrammevilkåra som er foreslått for inntektssida, for utgiftssida og for investeringane som er foreslått.

Kommunedirektøren sitt framlegg kan oppsummerast slik:

Inntektssida:

Kommunedirektøren sitt forslag tek utgangspunkt i:

- Nasjonalt anslag på frie inntekter og skatt som betyr ein nominell vekst på ca 6% (Meiroppgåver tildelt i statsbudsjettet utgjer ca 1,6% av den nominelle veksten)
- Lønns og prisvekst på 4,11% (forventa kommunal deflator 2025)
- Realvekst lik null, når ein tek høgde for reell pris og lønnsvekst.
- Ordinært utbytte frå Sykkylven Energi Holding AS i same storleik som i 2024 på 7 mill.
- Inntekter frå havbruksfond inkl endring frå torsk til laks eit anlegg – samla 4,5 mill
- Inntekter knytt til mottak av flyktningar vert nedjustert noko.
- Egedomsskatt på 2,7 promille, uendra frå 2024. Den kan vere på inntil 4,0 promille.

Driftsutgifter:

- Effektivisering i drifta på i snitt 1 %. (lønnsvekst og prisvekst utover deflator)
- 1% effektivisering i drifta betyr om lag kr: 5,6 mill – dette ligg forventa inne i budsjettrammene.
- Ei effektivisering av drifta på 1% kjem med bakgrunn i negativ realvekst som omtalt ovanfor, samt i tilpassingar i renteutgifter som for 2025 -2028.
- Tenesteområde som har fått tilført meiroppgåver i henhold til Statsbudsjettet har vorte kompensert. Dette kjem fram i omtalen av tenesteområda
- Omstillingsskravet i Sykkylven kommune vil vere ein løpende prosess som skal sikre at ein over tid skal kunne levere tenester til dei som har behov og på rett nivå.
- Vidare avsetningar til disposisjonsfond vil vere særsviktig i perioden framover for å sikre både berekraft og handlefridom i Sykkylven kommune sin handlefridom. Den er berre på 50% av måltalet i budsjettframlegget.

Investeringar:

1. Kommunedirektøren foreslår eit investeringsprogram som ikkje aukar gjeldsgraden i økonomiplanperioden for investeringar det ikkje fylgjer tilskot og/eller inntekter med.
2. Investeringar som bidrag til reduserte driftsutgifter eller på anna vis er sjølvfinansierande er prioritert.

Nasjonale, regionale og lokale føringar

Nasjonale føringar:

Kvart fjerde år lagar regjeringa eit dokument som heiter "[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#)". Dette legg grunnlaget for korleis kommunane arbeider i komande valperiode.

I dokumentet har regjeringa bestemt at [FN sine 17 bærekraftsmål](#) skal vektleggast i kommunal planlegging. Dei skal no vere grunnlaget for all samfunns- og arealplanlegging.



Sykylven kommune har ansvar for mange oppgåver som bidreg til berekraftig utvikling.

Kommunane leverer helsetenester, utdanning, bustadpolitikk, infrastruktur, reint vatn og renovasjon. Vi forvaltar areal, bustadar og føremålsbygg, sikrar balanse mellom urbane og grøne areal, og set i verk tiltak for å redusere negativ påverknad på klima.


Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og realisering av berekraftmåla i Norge. Vi er nærmast folk, lokale bedrifter og organisasjonar. Samtidig er vi ansvarleg for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar livskvaliteten til innbyggjarane og deira utviklingsmogelegeheter. Her har vi fortsatt mykje som kan gjerast.

Klimamål

Noreg sitt klimamål for 2030 er å redusere klimagassutsleppa med minst 55 % samanlikna med 1990.

Miljødirektoratet publiserer kvart år ei oversikt over alle kommunar sine direkte utslepp av klimagassar. Tala omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor kommunen si geografiske grense. Dei siste utsleppstala vi har er frå 2022. Dei viser at kommunen totalt sett hadde eit klimagassutslepp på 19,6 tonn CO₂-ekvivalentar i 2022. (sjå figur 3). Målet til Sykylven er 10,5 tonn CO₂ ekvivalentar i 2030. Om vi skal nå målet må vi altså redusere utsleppa med 9,1 tonn CO₂-ekvivalentar i løpet av dei neste fem åra. Det skal ein del til for at vi skal klare å nå dette målet, men vi må gjere det vi kan for å redusere utsleppa så mykje som mogleg.

Kommunen som organisasjon står for ein relativt liten del av dei totale direkte og indirekte klimagassutsleppa for Sykylven. Likevel har kommunen ei viktig rolle som pådrivar. Det er derfor viktig at kommunen handlar i samsvar med dei overordna intensjonane om å nå klimamåla.



Figur 3 Detaljerte klimagassutslepp for Sykylven 2009 – 2022

Regionale føringar:

Statsforvaltaren har dei siste åra presentert viktige styringssignal og oppdrag frå nasjonale myndigheter ved å sende ut eit forventningsbrev til kommunane. Forventningsbrevet for 2024 finn du her.

<https://www.statsforvalteren.no/more-og-romsdal/kommunal-styring/container-kommunemote/forventningsbrev-2024/>

Målet med forventningsbrevet er å informere om sentrale forventningar og oppdrag frå nasjonale myndigheter. Eit tilsvarande brev vil kome for året 2025 mv.

Lokale føringar:

Sykylven kommune sin samfunnsdel

Kommunane får ansvar for å implementere nasjonale og regionale føringar i sitt planverk. Sykylven kommune sitt overordna planverk, samfunnsdelen til kommuneplanen, er vedteke i slutten på 2023. Dokumentet har følgjande overordna om visjon og satsingsområde:

Sykylven kommune sin visjon er:

SKAPARGLEDE

Skaparglede symboliserer den kreative krafta og pågangsmotet som har lagt grunnlaget for dagens Sykylvs-samfunn.

Visjonen er knytt til at Sykylven:

- er ein kommune der skaparglede er ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet.
- skaper trivsel, sosiale og friske menneske som meistrar eigen kvardag
- er ein levande og skapande kommune, ein kommune med mangfold, som pulserer, skaper energi og kreativitet
- er eit samfunn som skaper gode løysingar, tilpassa den enkelte sine behov
- skaper gode tilhøve til naboane våre, og gjere nytte av at vi ligg nær både by og fjell
- bygg stoltheit og identitet ved å ta det beste frå fortida med oss inn i framtida
- er ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål

Sykylven kommune skal i planperioden ha særleg fokus på:

- Berekraft
- Verdiskaping og arbeidsplassar
- Tenestekvalitet
- Bustadsituasjonen
- Livskvalitet, likeverd og mangfald

Fokusområda er eit resultat av politiske prioriteringar og er basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag og innspel til planarbeidet frå innbyggjarar og andre. Det vil bli peika ut relevante resultatmål for områda som gjer at vi kan følgje med på om innsatsen vår bidreg til positiv utvikling i tråd med samfunnsdelen i kommuneplanen.

Sykylven kommune deltek i fylkeskommunen sitt prosjekt Berekraftsfylket Møre og Romsdal. Prosjektet kartlegg berekraftstatus etter ein metode som er ein del av FN-programmet U4SSC - United for Smart Sustainable Cities.

Kartlegginga er ei såkalla KPI-analyse (Key Performance Indicators, eller nøkkelindikatorar), med 92 indikatorar som måler status på berekraft i den enkelte kommune. Kartlegginga byggjer på FN sine berekraftsmål og dei tre hovuddimensjonane sosial berekraft, økonomisk berekraft og miljømessig berekraft. [Resultatet frå kartlegginga finn du her.](#)

Sykylven kommune skal vedta klima- og miljøplan i 2025. Denne vil kunne danne grunnlag for å innarbeide klimaperspektivet i budsjett- og økonomiplanlegginga gjennom klimabudsjett og klimarekneskap på ein meir heilskapleg måte. Desse føringane er allereie teke inn i økonomiplanen for 2025 – 2028, men vert ytterlegare styrka gjennom utarbeiding og vedtak om klima- og miljøplan i løpet av 2025.

Oversikten under viser status for ulike planar kommunestyret skal vedtatt i perioden. Oversikten blir utgangspunkt for ein eigen prosess der kommunestyret vedtek kva planar som skal rullerast og eventuelt behov for nye planar ein ynskjer utarbeida i løpet av planperioden. Ut frå plan- og bygningslova skal det nye kommunestyret utarbeide ein slik oversikt, ein planstrategi, innan eitt år etter nyval.

Tabell 1 Status for politiske planar. Utgangspunkt for planstrategi 2024 – 2027

Plan	Sist vedtatt/ rullert	Ny rullering			
		2024	2025	2026	2027
Kommuneplan Samfunnsdelen (Ny plan – berekraftsfokus)	2023				
Kommuneplan Arealdelen (Samordning av føresegner)	2013				
Kommunedelplan Nysæterområdet	2014			■	
Oppvekstplan	NY		■		
Integrerings- og inkluderingsplan	NY		■		
Helse- og omsorgsplan	2021		■		
Plan for legetenesta	2023			■	
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2016	■			
Kulturminneplan	NY	■			
Anleggsplan for idrett	2020		■		
Plan for friluftslivets ferdelsårer	NY		■		
Næringsplan	2019		■		
Landbruksplan	2023				■
Trafikktryggingsplan	2020		■		
Energi- og klimaplan	NY		■		
Hovudplan vassforsyning og avløp	2020 (avløp)		■		
Løypeplan for Fjellsætra	2022			■	
Interkommunal plan for Storfjorden	NY	■			
Bustadsosial handlingsplan	2023				■
Lønspolitisk plan	2018		■		
Arbeidsgjevarstrategi	NY		■		
Økonomiplan	2023	■	■	■	■

I samband med rullering av det overordna planverket, både kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, er det naturleg å revidere denne planoversikta slik den kjem fram i planstrategien. Kommunedirektøren legg fram eiga sak kring revidering av planstrategien i same kommunestyremøte som økonomiplanen vert vedteke for 2025 – 2028. (16.des.)

Finansielle måltal- vedtatt av kommunestyret

Kommunelova § 14-1 slår fast eit grunnleggjande krav om at kommunane skal forvalte sin økonomi slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid. Som eit ledd i dette må alle kommunar vedta finansielle måltal.


[KS har gjennomført undersøkingar](#) knytt til kommunar si styring basert på økonomiske måltal og funna syner at langsiktig og politisk forankring av økonomistyring basert på finansielle måltal gir god effekt på langsiktig berekraftig økonomistyring i kommunar.

Sykylven kommunestyre har vedtatt følgjande finansielle måltal, som no også er nedfelt i framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel:

1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere **minimum 1,75 %** av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfondet skal **minimum utgjere 10 %** av brutto driftsinntekter.
3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og **100 % innan 2035**.

Måltala er ikkje absolutte for det einskilde år, men mål ein skal styre mot for å nå og vere berekraftig i kommuneøkonomien.

Utviklinga i måltal- grafar:




Åra 2025 – 2028 er kommunedirektøren sitt budsjettframlegg.

Utviklinga i netto driftsresultat og driftsresultat i høve driftsinntektene har vore varierande dei siste åra. Det er likevel avgjerande at kommuneøkonomien er positiv over år for å sikre den økonomiske handlefridommen. Året 2021 - 2023 gav eit positivt resultat og ein legg opp til at denne målsettinga vert vidareført inn i økonomiplanen 2025-2028. Det gjev nokre utfordringar slik verden, samfunnet og Sykylven kommune ser ut i dag.

Ekstraordinære inntekter gjennom 2024 bør gå til å auke resultatgraden og såleis også fondsstorleiken, slik at ein står betre inn i økonomiplanperioden 2025 – 2028.

Analyse og statistikk

Personar i Sykkylven med innvandrarbakgrunn



Figur 4 Personar i Sykkylven med innvandrarbakgrunn, etter landbakgrunn og år. Kjelde: SSB

Kommunebarometeret 2024

Kommunebarometeret er ei samanlikning av alle kommunane i landet, basert på 157 nøkkeltal innan 12 sektorar. Målinga blir publisert av Kommunal Rapport kvart år.

I 2024 kom Sykkylven kommune på 13.plass av landet sine 356 kommunar, og vart nr 1 i Møre og Romsdal. Tala er basert på aktivitet frå 2023.


Sektor	Sektoren si vekting i kommune-barometeret	Rangering 2024	Rangering 2023	Rangering 2022	Rangering 2021	Rangering 2020
Rangering		13	87	144	78	108
Grunnskule	20 %	41	188	210	197	222
Pleie & omsorg	20 %	29	82	190	66	105
Barnevern	10 %	167	221	236	240	305
Barnehage	10 %	37	79	83	212	304
Helse	7,5 %	257	76	65	204	165
Sosialtenester	7,5 %	62	80	21	7	3
Kultur	2,5 %	312	312	304	322	375
Miljø og ressursar	2,5 %	182	193	87	43	62
Saksbehandling	2,5 %	68	157	258	35	172
Vatn og avløp	2,5 %	65	222	42	44	55
Økonomi	10 %	221	237	117	233	324
Kostnadsnivå	5 %	33	66	89	131	87

Figur 5 Sykkylven sine rangeringar i Kommunebarometeret siste 5 år

Rammefaktorar 2025

Statsbudsjettet framlagt frå regjeringa inneheld nokre føringer og oppgåve overføringer til kommunane. Dei frie inntektene (skatt og rammetilskot inkl. inntektsutjamning) vert fordelt gjennom inntektssystemet for kommunane. Det bygg på fleire ulike kriteria som går både på geografi og demografi. Det var sett ned eit utval som gjekk gjennom inntektssystemet for kommunane og som og har kome med ei innstilling/høyringsutkast til nokre endringar i kriteria som ligg i inntektssystemet og omfordeling mellom kommunane. Slik dette ligg i dag gjev det nokre endringar for Sykkylven kommune, utover at overføringane til kommunal sektor generelt inneheld forventningar om effektivisering i kommunane.

Utvikling i frie inntekter for Sykkylven kommune



Utjamning av innbyggjartilskotet (utgiftsutjamninga)

I utgangspunktet mottek alle kommunar det same beløpet per innbyggjar som rammetilskot. Det er dette tilskotet samt kommunen sin skatteinngang som utgjer hovuddelen av dei frie inntektene kommunen får over statsbudsjettet. På grunn av at kommunar kan ha forskjellige utfordringar som påverkar driftskostnadane, bereknast det ei utjamning av innbyggjartilskotet som den enkelte kommune får. Kommunar som er berekna til å vere billigare å drive får sitt innbyggjartilskot redusert, desse pengane går så til å gje ekstra tilskot til kommunar som har eit høgare, berekna kostnadsnivå.

Berekningane av kostnadsnivå seier at ein gjennomsnittskommune har ein såkalla kostnadsindeks på 100. Sykkylven kommune er for 2025 kome justerte i tråd med nytt inntektssystem som gjer at kommunen kjem betre ut enn tidlegare år.

Inntektsrammer 2025 til fordeling på tenestene

Finansområde	2 023	2 024	2 025	Merknad
SKATT PÅ FORMUE OG INNTEKT	- 225 227 000	- 227 839 000	- 267 120 000	1
EIGEDOMSSKATT	- 16 800 000	- 14 175 000	- 14 500 000	2
KONSESJONSKRAFT	- 810 000	- 810 000	- 300 000	3
RAMMETILSKOT	- 259 818 000	- 291 721 000	- 302 900 000	4
GEN TILSKOT FLYKTNINGAR	- 30 000 000	- 21 100 000	- 18 000 000	5
KOMPENSASJON OMSORGSBUSTADER	- 636 000	- 593 000	- 600 000	6
KOMPENSASJON BUAS	- 1 550 000	- 1 550 000	- 1 550 000	7
HUSLEIGE	-	-	-	
RESERVERTE LØYVINGAR - tiltak	345 060	1 788 000	5 300 000	8
RESERVERT TIL LØNNSAUKE	1 000 000	4 300 000	4 800 000	9
PREMIEAVVIK, BRUK AV PREMIEFOND	- 9 000 000	- 9 000 000	- 9 000 000	10
REENTER OG AVDRÄG EIGNE LÄN	41 000 000	46 000 000	55 000 000	11
STARTLÄN (REENTER, GEBYR, ADMINISTRASJONS	100 000	100 000	800 000	12
ORDINÆRE RENTER OG GEBYR	- 90 000	- 100 000	- 1 000 000	13
UTBYTTE FRÅ SELSKAP	- 10 000 000	- 7 000 000	- 7 000 000	14
UTBYGGINGSAVTALAR NYSÆTRA	- 300 000	- 300 000	- 300 000	15
HAVBRUKSFONDET	- 3 000 000	- 2 300 000	- 4 500 000	16
KOMPENSASJON ARBEIDSGJEVARAVGIFT	-	-	-	
FOND	11 370 000	3 675 000	6 990 000	17
OVERFØRING TIL INVESTERING	1 500 000	-	-	
FINANSIERING	-	-	-	
ORDINÆRE AVSKRIVINGAR	- 23 600 000	- 33 400 000	- 33 440 000	18
Sum ansvar (1): 9	- 525 515 940	- 554 025 000	- 588 920 000	
TOTALT netto inntekter	- 525 515 939	- 554 024 999	- 588 920 000	19

Merknader inntekter:

1. Regjeringa sitt anslag til forventa skatteinngang for Sykkylven kommune 2025
2. Kommunedirektøren sitt forslag om eigedomsskatten i 2025 – uendra på 2,7 promille. Den kan vere inntil 4 promille. Kvar 0,1 promille utgjer 537.000,-.
3. Konsesjonskrafta er nedjustert til reelle inntekter for 2024 og 2025.
4. Regjeringa sitt anslag til forventa samla rammetilskot for Sykkylven kommune 2025 inkl endringar i inntektssystemet og tilleggslysing 1.november 2024 for 2025.
5. Tilskot flykningar 2025 er nedjustert noko frå 2024 netto pga auke i integreringskostnadane aukar i alle tenestene.
6. Kompensasjonsordning frå tidlegare år vidareførast i 2025 – tidlegare byggetilskot omsorgsbustader.
7. Kompensasjonsordning frå tidlegare år vidareførast i 2025 – tidlegare byggetilskot BUAS.
8. Denne reserve/avsette posten inneholder følgjande:
Tilskot Høbbben, Ungdoms 15-19 sommar jobb, sekkepost kommunestyre, IKT sikkerhet/endepunkt, friplassar/bemanning SFO, auke tiskot Fjellsetra løypekjøring, Storfjordsambandet, kompetanseheving, dekning bedriftshelseneste(uten budsjettdekn tidl.) Her ligg også dei endringar i oppgåvefordeling frå Stat til kommune som ikkje er lagt i rammene/ er uklart pt.
9. Avsetnad til lønns og prisauke, lønsglidning og rekrutteringskrav – reservepost om auke utover 4,11%, noko som er svært sannsynleg med rekrutteringsutfordringar mv, samt andre endringar.
10. Premiefondet i 2025 på same nivå som for 2024
11. Auke i lånegjeld og rente i 2025 utgjer ein driftskonsekvens på 9 million. Det er usikkert korleis renta vil utvikle seg i 2025 basert på «verdensbilde» framover.

12. Startlån inntekter/innbetalingar på utlån er justert.
13. Renteinntekter på innskot/likviditet er justert basert på fortsatt høg rente.
14. Utbytte fra Sykkylven Energi AS er videreført på 2024 nivå på 7 million.
15. Utbyggings avtalar Fjellsetra er budsjettet for dekking av lån – veg.
16. Havbruksfondet er forventa å gje 4,5 million i 2024
17. Avsetnad til disposisjonsfond er ikkje i samsvar med finansielle mål. Disposisjonsfondet skal vere ein buffer ved uføresette hendingar og behov for omstilling over tid. Skulle vore 6-7 million høgare for å nå 1,75% i resultatgrad
18. Avskrivingar sin motpost kjem fram her og heng saman med utgiftsposten på kommunalansvara. Den påvirkar ikkje resultatet i budsjett og rekneskapen.
19. Samla inntekter til fordeling i nettorammer.

Forslag til fordeling av midlar til drift av tenestene for 2025

Kommunedirektøren foreslår at budsjettet for 2025 vert vedteke på desse samleområda:

Kommunalområde og hovedkapitel
Barnehage kap 2
Kommunalområde Oppvekst
Oppvekst kap 3
Kommunalområde Oppvekst
Helse kap 4
Kommunealområde Helse
Kultur kap 5
Kommunalområde Samfunn
Teknisk kap 6
Kommunalområde Samfunn
Fellesteneste - Stab kap 7
Område felles Stab
Politisk kap 8
Område Politisk

Løyvingane til kvart budsjettområde

Løyvingane til kommunalområda på kapittel nivå inneholder 4,11% auke i snitt med justeringar i høve demografi og satsingsområde.

Kommunalområde og hovedkapitel	Buds(end)	Buds(end)	Budsjett	Merknad
Defaktor 4,11% og justeringar - jf merknader	2023	2024	2025	
Barnehage				
Sum ansvar (1): 2	64 286 100	67 077 000	72 333 000	1
Oppvekst				
Sum ansvar (1): 3	145 797 400	148 411 000	159 510 000	2
Helse				
Sum ansvar (1): 4	200 199 300	209 337 000	221 000 000	3
Kultur				
Sum ansvar (1): 5	10 271 440	10 138 400	10 723 000	4
Teknisk - eigedom				
Sum ansvar (1): 6	59 321 900	71 790 600	75 841 000	5
Fellesteneste - Stab				
Sum ansvar (1): 7	34 369 400	36 174 000	37 660 000	7
Politisk				
Sum ansvar (1): 8	11 270 400	11 097 000	11 853 000	8
T O T A L T netto utgifter			588 920 000	

Merknader budsjettrammer:

1. Budsjettområde 2 – Barnehager inneholder 4,11 % auke + 2,5 million for endringar i foreldrebetaling for både kommunale og private barehager,
2. Budsjettområde 3 – Oppvekst inneholder 4,11 % auke + 2 million i SFO endringar og ytterlegare 3 million for auka kostnader innan heile skule og barn/familieområde.
3. Budsjettområde 4 – Helse inneholder 4,11% auke + 3 million til dekning av ytterlegare kostnadsauke på tenester og utstyr, her også kostnader til system/velferdsteknologi.
4. Budsjettområde 5 – Kultur(Samfunn) inneholder 4,11% + 168.000,- for tilskot Aktivitetshuset Tandstad.
5. Budsjettområde 6 – Teknisk/eigedom(Samfunn) inneholder 4,11% auke + 1,1 million for å ta større høgde for større prisstigning på mange avtaler/driftsavtaler innan omåde.
6. Budsjettområde 7 – Fellesområde/Stab inneholder 4,11% auke.
7. Budsjettområde 8 – Politisk inneholder 4,11% + 300.000,- for Stortingsval 2025.

Ein har såleis prioritert og lagt inn føringar i hovudsak på dei store tenesteområda som er barnehage, oppvekst og helse utover den kommunale indeksen på 4,11%

Økonomiplan 2025 – 2028 – utfordringar

Framskrivinga i økonomiplanperioden syner at Sykkylven kommune går mot eit underskot/meirforbruk dersom samla kostnader og inntektssida ikkje vert «vekta» betre i perioden 2026 – 2028.

	2025	2026	2027	2028
Framført til inndeckning i seinare år	0	3 000 100	6 206 300	9 635 100

Forutsetningane er sjølvsagt fleire i den usikre tida vi er i no, med utfordringar rundt rekruttering, nok folk, klima og miljø tiltak og fortsatt høg rente på innlån.

Ein nedgang på rentenivået i den delen av planperioden vil løyse underskotet, dersom ein ikkje tek større nye låneopptak. Sjå tabellar på lånegjeld, disposisjonsfond mv.

Sjå også vedlegg i økonomiplanperioden for drift og investeringar delen. Dei ulike investeringsprosjekta i planperioden kjem frå nedst i kommunedirektøren sitt framlegg – under.

Dei kommunale tenestene

Overordna prinsipp for omstilling til berekraftige tenester til innbyggjarane i Sykkylven kommune

Vi nyttar dei samla ressursane rett og rettferdig til det beste for alle innbyggjarar.
Strukturendringar kan bidra til dette.

Vi tildeler tenester målretta og avgrensa for å sikre at vi rettar innsatsen mot der det har mest effekt. Kortare og meir avgrensa tilbod til enkeltpersonar vil sikre at fleire får glede av det vi har av samla ressursar.

Vi er tidleg ute med førebyggande tiltak. Vi legg til rette for at innbyggjarane meistrar eige liv så lenge som mogeleg. Dette vil utsetje dei meir inngripande og ressurskrevjande tiltaka. Tidleg innsats samarbeider vi om med frivillige, pårørande og næringsliv.

Vi tenkjer klima og miljø i alt vi gjer: arealeffektivitet og sambruk, energisparing og ressurssparing generelt, og vi nyttar innkjøpsstrategien vår til å påverke positivt.

Vi endrar organisasjonen i takt med nye behov. Vi skal til ei kvar tid ha ein organisasjon som tar ansvar og er tillitsskapande, som sikrar heilskapstenking, og som er tilpassa kommunen sin økonomi.

Ei heilskapleg innsatstrapp legg vekt på førebyggande arbeid som skjer i kommunane. Den skal sikre ein heilskap i planlegginga av alle tenesteområde i ein kommune, og som ved å styrke dei lågaste trinna kan bidra til å utsette, og i nokre tilfelle gjere at det det ikkje er behov for ressurskrevjande kommunale helse- og omsorgstenester.

Dei lågaste trinn handlar om aktive lokalsamfunn som bidreg til møteplassar og livskvalitet for innbyggjarane på ein slik måte at det reduserer behovet for meir inngripande tiltak lenger opp trappa. Kommunen skal likevel ha tilbod på alle trinn, også i framtida. Poenget er at vi kan ikkje nytte alle våre ressursar på dei øvste trinna, då dette hindrar oss i å bidra med ressursar til førebygging.



Figur 6 Den heilskaplege innsatstrappa

Med utgangspunkt i desse trinna og denne tenkinga vert det i 2024 utvikla oppdragsbrev frå kommunedirektøren, samt verksemdsplanar i einingane som konkretiserer tenkinga i konkret handling.

Klimabudsjett

Tiltaka i klimabudsjettet er lista opp i tabellen under. Tabellen viser dei tiltaka som er prioritert å kome i gang med i 2025. Meir detaljert oversikt med ansvar og prioriteringar ligg som vedlegg.

Tabell 2 Klimabudsjett - tiltak for 2025

Tiltak	Forklaring/detaljar
Ladeinfrastruktur i tilknyting til kommunale bygg	Etablere ladepunkt på kommunale bygg med kontorplassar
Sikre at alle nye kommunale bilar er elektriske	Aktivt innkjøp av elektriske køyretøy i alle nyanskaffingar
Kampanjar for at barn skal gå/sykle til skulen	
Reisepolicy tenestereiser	
Elsykkel til tilsette (gratis utlån)	
Vurdere ordning for leasing/kjøp av elsykler for tilsette	
Miljøkartlegging ved oppstart av arealplanarbeid	Kommuneplanen sin arealdel som klimaverktøy
Kompetanseheving i klima og miljø (kurs og foredrag)	
Utarbeide vedlikehaldsplan for alle kommunale bygg	Tilstandsoversikt for å enklare kunne vurdere behov for vedlikehald, oppgradering, bruksendringar
Lage retningslinjer for kjeldesortering knytt til nye avfallsstasjonar i alle kommunale bygg	
Oppdatere anskaffelsesreglement	Få inn berekraftige og miljøretta tiltak i vår eigen plan
Ny sirkulær innkjøpsstrategi knytt til møblar og inventar for kommuneorganisasjonen	Gjenbruk av møblar. Vi treng oversikt over alle tilgjengelege møblar i kommunen. Retningslinjer for gjenbruk, oppgradering av eksisterande møblar før evt kjøp av nye
Utarbeide nye/gode rutinar for å redusere bruk av eingongsutstyr (f.eks. munnbind, hanskar, skotrekks)	
Starte arbeidet med miljøsertifisering av kommunen	
I idefasen av byggeprosjekt skal det vurderast gjenbruk av eksisterande bygg, basert på livsløpsutslepp i tonn CO2-ekvivalentar	
Gatelysstyring og utskifting av lyspunkt	Døme: Utskifting til LED, lyssensorer som øker og senker lysstyrke etter behov (bevegelse-/ lyssensorer)
Gjennomføre informasjons- og haldningskampanjer for å motivere innbyggjarar til å gjere klimavennlege val	Underside til heimesida
Marknadsføre tilskotsordningar som kan vere aktuelle for innbyggjarar og næringsliv i Sykkylven	
Offentleg digital idekasse for klimatiltak	Idekasse på internetsida, brukarundersøking

Kommunalområde oppvekst

Endring frå 2024 til 2025:

- Reduksjon av 100 % undervisningsstilling 2. halvår - Aure barneskule
- Reduksjon 0,4 årsverk - vaksenopplæring
- Redusert høve til innleige av vikar ved korttidsfråvære
- Reduserte budsjettspostar til driftsutgifter (opplæring, abonnement og IT-utstyr)
- Styrking av budsjett til bøker/læreverk
- Auka kostnad interkommunale avtalar – barnevernvakt, krisesenter og overgrepsmottak

Tiltak det ikkje er funne midlar til i 2025:

- Styrking av administrasjonsressurs barnehagane – samla 0,8 st. - kr. 820 000
- Styrking av ressurs til elevar med spesielle behov - ungdomsskulen
- Styrking av SFO Aure barneskule som følgje av gratis SFO for 4. trinn (2. halvår)
- Tilbod om måltid ved SFO Aure barneskule (stip. 2 x 40% st. til 142 barn 1. halvår og 160 barn 2. halvår)
- Chromebooks – behov utskifting av om lag 75 stk. pr. år - stip. kr. 100 000
- Fysioterapeut for barn og unge – 60% st.
- Styrking av skulehelseteneste (i dag delvis finansiert av statstilskot)
- Drift av psykisk helseteam for barn og unge (i dag finansiert av statstilskot)
- Auka behov for tolketenester – alle einingar
- Leselyststrategien (skulebibliotek grunnskule) – oppgradering og innsats for å løfte leseferdigheiter og stimulere til leselyst.

Tiltak og planar for 2026 til 2028:

1. Effektiv ressursbruk – optimalisere bruk av tilgjengelege ressursar utan å kompromittere på kvalitet
2. Kompetanseutvikling – legge til rette for etter- og vidareutdanning av tilsette for å sikre høg fagleg kvalitet og motivasjon
3. Tidleg innsats og tilpassa undervisning – prioritere tidleg identifikasjon av utfordringar og lærevanskar
4. Foreldre og brukarengasjement – utvikle strategiar for auka involvering av foreldre og lokalsamfunnet i oppvekst- og utdanningsprosessen
5. Førebyggande helse og trivsel – implementere og oppretthalde program som støttar psykisk helse blant barn og tilsette
6. Fokus på inkludering og mangfald – tiltak for å fremje likskap og motverke diskriminering i barnehage og skule
7. Samarbeid med næringsliv og lokalsamfunn – styrke partnarskap for å gi relevant opplæring og tilgang til praktisk erfaring
8. Berekraft og miljøtiltak: Integrere berekraft som ein del av undervisningsplanen og i den daglege drifta i einingane

Generelt

Oppvekstsektoren skal bidra til at barn og unge får ein trygg oppvekst med høve til å delta og utvikle seg ut i frå eigne føresetnader. Barnehage og skule er ein sentral livsarena for barn, og eit sterkt lag rundt barn og unge bidrar til at alle barn kan oppleve meistring og inkludering. Laget handlar både om det førebyggande arbeidet og hjelp til barn med ulike utfordringar. Det omfattar tett samarbeid mellom foreldre, barnehage og skule, PPT, helsetenesta i kommunen og eksterne aktørar.

Måla med oppvekstreforma er å styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren. Tidleg innsats, med tiltak som er godt tilpassa barna og familiene sitt behov, er først og fremst ei investering i innbyggjarane si velferd, men er også ei investering som kan spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare.

Psykiske vanskar er ei av dei største folkehelseutfordringane i vår tid. Førekomsten er høg, helsetapet stort, og sjukdom oppstår i relativt låg alder samanlikna med andre store utfordringar og diagnosegrupper. Førebygging bør derfor starte tidleg og rette seg mot barn, unge og deira familiar, ikkje berre for å redusere plager og betre livskvalitet her og no, men også for å førebygge for utvikling av psykiske lidingar i vaksenlivet.

Utanforskap og einsemrd kan være ein konsekvens av fattigdom. Stadig fleire barn og unge føler seg utanfor som følge av dårlig økonomi. Barn og unge i låginntektsfamiliar manglar i større grad forrulege vene enn andre, og er også meir utsett for mobbing. Dei har større risiko for både fysiske og psykiske helseplager på kort og lang sikt. Barn i familiar med lavt utdanningsnivå og lav inntekt er overrepresentert også når det gjeld helseproblem som for eksempel astma, allergi, eksem, hovudverk, magesmerter og ryggsmærter.

Ut i frå desse faktorane vil heilskapleg innsats med fokus på førebygging og tidleg innsats på alle nivå og i alle sektorar, vere avgjerande for å nå målet om berekraftig drift og tenesteyting framover.

BARNEHAGE

Einingar innanfor området

Kommunale barnehagar utgjer ei samla eining med følgjande avdelingar:

- Blakstad naturbarnehage
- Ullavik barnehage
- Vikedalen barnehage
- Spesialpedagogar for barnehage

Under barnehageområdet ligg også:

- Felles barnehageadministrasjon
- Styrking/barn med nedsett funksjonsevne
- Private barnehagar (overføringar/tilskot)

Generelt om området:

Barnehagen skal, i samarbeid med heimen, ta i vare barna sine behov for omsorg, leik, læring og sosial kompetanse. Barnets beste er eit grunnleggande omsyn. Gjennom helsefremjande miljø skal ein legge til rette for at alle barn får gode utviklingsmogelegeheter og får ein god start på den livslange læringa. Målet er å skape robuste barn som er best mogeleg rusta til å meistre livet sitt.

I Sykkylven har vi tre kommunale barnehagar og fire private barnehagar. Blakstad naturbarnehage er den minste av dei kommunale barnehagane og har no 21 barn. Vikedalen barnehage har no 52 barn, medan Ullavik barnehage er den største av dei kommunale barnehagane med om lag 57 barn. I tillegg vil 3 nye barn byrje i ein kommunal barnehage innan januar 2024. Dei siste åra har kommunen lagt ned to kommunale barnehagar. Dette er gjort med bakgrunn i sterkt nedgang i fødselstalet, og det må reknast som ei tilpassing av tilbodet.

	2023	2024	2025
Økonomisk ramme	63 320 145	67 077 000	72 333 000

Moglegheiter og utfordringar:

Barnetalsnedgang og strukturendringar

Dei seinare åra har barnetalet i Sykkylven vist ein jamn nedgang. Samanlikna med for nokre år sidan, blir det i dag fødd om lag halvparten så mange barn pr år som tidlegare år. I lys av dette har kommunen tilpassa talet på barnehageplassar og lagt ned to barnehagar i løpet av 2021 og 2022. Det har medført eit press på barnehageplassar i sentrum. Dette er kompensert ved etablering av ei ny småbarnsavdeling ved Ullavik barnehage, lokalisert i tidlegare SFO-lokala ved Ullavik skule. Det kan sjå ut som om nedgangen i talet på barnefødlar har stagnert, og at det kan vere lov til å håpe på mellom 50-60 fødlar pr år framover. Det pågår no ei vurdering av kor vidt Ullavik skule kan byggast om til ein ny barnehage på 4-6 avdelingar. Dette på grunn av auka bustadbygging i området, og forventning om at talet på barnehagebarn nord for sentrum vil auke.

Dei tre kommunale barnehagane er i omstillingss prosessen slått saman til ei eining og med éin einingsleiar.

Overføring til private barnehagar

Dei private barnehagane får eit kommunalt tilskot pr barn. Det er ulike tilskot på små og store barn. Overføringa blir utrekna på grunnlag av driftsutgifter pr. barn i kommunale barnehagar to år tilbake, samt det barnetalet som går i dei private barnehagane pr. no. Det betyr at tilskotssatsen for 2024 bygg på rekneskapstal for den kommunale barnehagedrifta i 2022, og dermed får vi enno ikkje med oss heile effektiviseringa som vi forventar som følgje av strukturendringar på barnehageområdet dei siste åra.

Prioritert drift

I lys av den økonomiske situasjonen og utviklinga i barnetalet, må vi fortsette å optimalisere barnehagetilbodet slik at vi får mest mogeleg og best mogeleg barnehagedrift for kvar krone. Det er allereie svært nøktern drift i barnehagane, og nesten heile budsjettet går med til lønnsmidlar. I ein slik situasjon må vi prioritere strengt, slik at budsjettmidlane når flest mogeleg og at kvaliteten i tilboden ikkje blir forringa.

Sykylven kommune som barnehagemyndighet:

- Skal dimensjonere barnehagetilbodet totalt slik at kommunen oppfyller lovfesta rett til barnehageplass
- Skal finansiere alle barnehagar (kommunale og private), inkludert kommunalt tilskot til private barnehagar
- Er ansvarleg for drift av spesialpedagogisk team og for å gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp til førskulebarn
- Er ansvarleg for individuell tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne
- Er godkjennings- og tilsynsmyndighet på barnehageområdet
- Skal rettleie både kommunale og private barnehagar
- Skal samarbeide med Statsforvalteren og sørge for rapportering av barnehageområdet
- Skal drive kompetanseutvikling i alle barnehagar

Kompetanseheving

Barnehagane i Sykkylven deltek aktivt i dei kompetansehevingstiltaka som vert organisert gjennom region Nordre Sunnmøre, med Høgskulen i Volda som fagleg samarbeidspartner. Det viktigaste tiltaket er det barnehagebaserte utviklingsarbeidet (ReKomp) som involverer heile personalet, og som finn stad i den enkelte barnehage. Barnehagane kan velje mellom ulike hovudtema dei vil fordjupe seg i. Dei to komande åra har alle sju barnehagane valgt å fokusere på språkutvikling og språkvanskar.

Sykylven deltek også i Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk (nasjonal satsing). Målet er å styrke det tverrfaglege samarbeidet og «laget rundt barnet». Barnehagane har gjennomført ei stor behovs- og kompetansekartlegging som skal danne grunnlaget for lokale satsingsområde.

Rekruttering

Barnehagane i Sykkylven har per dato full dekking av pedagogar i høve norma. I tillegg ligg vi over landssnittet for andelen fagarbeidarar blant assistentane. Dette er positivt. Nedgangen i talet på barnehagebarn, omorganisering og nedlegging av barnehagar har gjort at fokuset på rekruttering ikkje har stått i høgsetet dei siste par åra. Men kommunale barnehagar har deltatt i lærlingeordninga og legg samtidig vinn på å rekruttere fleire mannlege tilsette i barnehagane, til dømes når vikarar blir leigd inn.

Samarbeid på barnehagesektoren

Samarbeidet mellom kommunale og private barnehagar er godt. Styrarane møtast fast ein gong per månad gjennom styrarnettverk. Solid Start er den største felles satsinga. Gjennom

«Den Sykkylvske Barnehage» (eigen plan) blir ei rekkje samarbeidstiltak konkretisert. Det er ei sams forståing for at barnehagane gjennom samarbeid, erfarringsdeling og felles satsing kan skape eit betre barnehagetilbod for barna i Sykkylven.

Hovudtiltak for å sikre økonomisk berekraftige tenester i 2025 og i økonomiplanperioden:

- Det viktigaste vi kan gjere for å sikre ei berekraftig teneste i åra framover er å optimalisere drifta med fulle kommunale barnehagar i høve til bemanningsnorma.
- Vurdere flytting av Ullavik barnehage til gamle Ullavik skule, og utvide med 4-6 avdelingar. Noverande Ullavik barnehage er etter kvart lite funksjonell, og det er samtidig store utbyggingsplanar i krinsen.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule.
- Sikre lovpålagde og forsvarlege tenester.

OPPVEKST

Einingar innanfor området

- Aure Barneskule
- Sørestrand skule
- Sykkylven ungdomsskule og voksenopplæring
- Barne- og familietenestene

Generelt om området:

Oppvekstsektoren skal bidra til at barn og unge får ein trygg oppvekst med høve til å delta og utvikle seg ut i frå eigne føresetnader, jf. Barnekonvensjonen. Kommunen forvaltar store verdiar på vegne av fellesskapen, og det er sektoren sitt ansvar å produsere gode tenester for barn, unge og vaksne. Tidleg innsats, med tiltak som er godt tilpassa barna og familiene sitt behov, er først og fremst ei investering i innbyggjarane si velferd, men er også ei investering som kan spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare.

Skule

Det grunnleggande prinsippet i skulen er einskapsskulen, tufta på trivsel, likeverd og læring. Viktige strategiar er m.a. å arbeide målretta for gode læringsmiljø med relasjonsbygging og god klasseleiing. Alle dei kommunale skulane deltek i det regionale kompetanseutviklingsarbeidet (DeKomp), der Høgskulen i Volda er fagleg samarbeidspartner. Skulane i Sykkylven har valt tilpassa opplæring som fokusområde, med hovudvekt på auka leseferdigheiter.

Ein har no tre kommunale skular; Aure Barneskule, Sørestrand skule og Sykkylven ungdomsskule og voksenopplæring. Drifta av Ullavik skule, Aure skule og Vik skule er avslutta. Ein ny og stor Barneskule har vore etterlengta, og er eit stort løft for skuleverket og kommunen.

Skulefritidsordningane har som hovudmål å legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa barna sine behov. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn og vere ein læringsarena for gode opplevingar og erfaringar. Kommunen har SFO-tilbod ved alle dei kommunale barneskulane.

Sykylven opplæringscenter organisert og samlokalisert med Sykylven ungdomsskule og er ein del av ei samla opplæringseininger for ungdom og vaksne. Ansvarsområda til opplæringscenteret er knytt til:

- Norskopplæring med samfunnskunnskap for flyktningar og innvandrarar
- Grunnskuleopplæring for vaksne og ungdom frå 16-24 år
- Spesialundervisning for vaksne

Barne- og familietenestene

Barne- og familietenestene omfattar

- helsestasjon, jordmor og skulehelseteneste
- barnevernteneste
- familieteam
- PPT
- flyktningteneste.

I tillegg har ein fleire tverrfaglege samarbeid og hjelpetiltak, som fagteam i skule og barnehage, skulefråværsteam, foredrerettleiing, samtalegrupper for barn, rusførebyggande team m.m.

Det er viktig å koordinere tilbodet rundt eit barn eller ein familie, og ved hjelp av det digitale verktøyet Samspill - Individuell plan er målet å sikre deltaking, involvering og koordinering rundt og saman med brukarar med behov for koordinerte tenester.

	2023	2024	2025
Økonomisk ramme	141 121 440	146 221 000	159 510 000

Moglegheiter og utfordringar

Flyktningar

Auka busetting av flyktningar medfører auka inntekter for kommunen. Samtidig medfører det auka behov for hjelpetenester som helsestasjon, barnevern og PPT, og ikkje minst eit auka behov for bustader og arbeidsplassar. Kommunen tok i mot 70 flyktningar i 2023, og ein er langt på veg til å imøtekome vedtaket om busetting av inntil 60 flyktningar i 2024. Arbeidsmengda og belastning knytt til flyktningar har vore svært merkbar for fleire tenester og einingar.

Oppvekstreforma

- Tidleg innsats og meir førebyggande arbeid
- Betre tilpassa hjelp forankra i lokalkunnskap
- Betre rettssikkerheit for barn og familiane
- Meir effektiv bruk av økonomiske midlar og tilsette

Tanken med oppvekstreforma er at omfanget av kostnadskrevjande barnevernstiltak skal bli redusert gjennom etablering og styrking av førebyggande tiltak og tenester. Slike hjelpe tiltak skal vere tilgjengeleg før det utviklar seg til barnevernssak. Implementering av reforma krev derfor økonomisk handlingsrom og rett kompetanse for å kunne etablere gode førebyggande tenester.

Barnevernet i Sykkylven har på same måten som i andre kommunar, likevel ein del omfattande omsorgssaker og kjøp av statlege barneverntiltak som utgjer ein stor del av budsjettet. Ei enkelsak vil kunne få store økonomiske konsekvensar, og eventuell auke på interkommunale avtalar knytt til t.d. krisesenter, overgrepsmottak og barnevernsvakt gjer også situasjonen usikker.

Psykisk helseteneste for barn og unge

Arbeidet med etablering av psykisk helseteam for barn og unge (0-18 år) held fram. Ein har fast tilsett psykolog, og har fått mellombels statstilskot til styrking av kompetanse i psykisk helse tilsvarende 1,5 stilling. Statstilskot er lite forutsigbart, og det er vanskeleg å rekruttere til mellombelse stillingar. Slik kompetanse er svært viktig for å kunne gi gode og forsvarlege tenester, og ressursen bør innarbeidast i økonomiplanen.

Barn- og unges helsetenester

Barn og unges helsetenester består av sju samhandlingsforløp for dei vanlegaste psykiske plagene hjå born og unge. Forløpa fungerer som eit kart over tenestene og skal gi brukarar og fagpersonar betre oversikt over ansvarsområder og roller. Satsinga er eit samarbeid mellom dei 26 kommunane i Møre og Romsdal og Psykisk helsevern for barn og unge i Helse Møre og Romsdal.

Statlege føringar og tilskot

Barne- og familietenestene består av fire hovudområde med ulikt lovverk og med relativt låg grunnbemanning, noko som gjer omstilling krevjande sett opp mot det som i dag blir vurdert som forsvarlege tenester. Statlege føringar og tilskot til styrking av tilbod som t.d. styrking av skulehelsetenesta og lågterskeltiltak psykisk helse medfører relativt høg forventning og behov, medan tilskota er mellombelse og fører frustrasjon blant brukarar og samarbeidspartar når tilskota fell bort og ein ikkje har kommunale ressursar å sette inn.

Rekruttering

Å rekruttere rett kompetanse og sikre at de blir verande og trivst i barnehage, skule og hjelpetenester er ei aukande problemstilling. Arbeidsmiljø, kommunikasjon med og støtte frå leiing, gode kollegaer, opplevelse av meistring og glede ved å vere i lag med barn, elevar

og deira familiar er alle faktorar som bidrar til at tilsette blir i yrket. Det daglege, kontinuerlege arbeidet med utvikling av gode relasjonar og miljø er derfor av stor betydning for å behalde dyktige tilsette.

Lågare barnetal - fleire barn, unge og familiar med utfordringar

Det blir født færre barn i kommunen vår. Samtidig har stadig fleire behov for hjelpetiltak. Fleire slit med psykiske vanskår, mobbestatistikken viser ei urovekkande utvikling, skulefråværet aukar, fleire har behov for tilpassa undervising eller spesialundervisning, fleire melder behov for avlastande tiltak og talet på låginntektsfamiliar har auka. Dette underbyggjer og forsterkar behovet for ytterlegare satsing på førebygging og tidleg heilskapleg innsats. Sykkylven er BTI-kommune, og metode og praksis her må ligge til grunn i alle tenester.

Kompetanseheving

Fagfornyinga vart innført i heile landet frå hausten 2020. Dette er den største omlegginga av skulen sidan 2006 og har medført ei endring av faga på alle trinn. Nytt innhald i faga og nye fag gjer at skulane har eit stort behov for utskifting av lærermiddel – både digitale og analoge – og mange treng også kompetanseheving for å stette dei nye krava.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis i tillegg til den desentraliserte kompetanseutviklinga (Dekomp) blir gjennomført med fagleg støtte frå Sunnmøre Regionråd og i samarbeid med Høgskulen i Volda. Temaet «Fagleg inkludering» er gjennomført i alle skulane i Sykkylven (inkl. dei private). Ein tar no til på temaet «Tilpassa opplæring».

Barnevernstenesta har eiga kompetansesatsing i regi av Bufdir. Dette inneber vidareutdanning, tenestestøtte og kommunale læringsnettverk, og som skal bidra til å heve kvaliteten og auke kompetansen i kommunalt barnevern.

Hovudtiltak for å sikre økonomisk berekraftige tenester i 2024 og i økonomiplanperioden:

- Enda sterkare satsing på tidleg innsats og førebyggande tiltak i alle einingar for å hindre store og inngripande tiltak og framtidige kostnadskrevjande tiltak
- Halde fram med strategiske grep som kan bidra til ein berekraftig økonomi
- Fokus på bruk av rett kompetanse og intern kompetanseheving
- Forventningsavklaring – både internt og i høve til samarbeidspartar, men også i høve innbyggjarar/brukarar av tenester
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule
- Sykkylven har no to flotte og funksjonelle kommunale barneskular – Sørestranda skule og Aure barneskule. Å sikre god elevtilgang til begge desse skulane, slik at vi får god arealutnytting, optimal klasseinndeling og effektiv ressursutnytting, vil verte svært viktig
- Invitere til godt samarbeid med tillitsvalde og stimulere tilsette til kreativitet, innovasjon og fleksibilitet i arbeidet med omorganisering av tenestene
- Sikre lovpålagde og forsvarlege tenester

Kommunalområde helse

Endringar frå budsjett 2024 til 2025

- Aukar dagplassar fast for demente frå to til fire dagar i veka.
- Opprettar fast ein døgnavlastningsplass for demente på demensavdeling.
- Vidarefører tilbodet om heimeavlastning for demente.
- Samlokalisering av barne - avlastningsbustader i 2025
- Styrka satsinga på førebyggande og rehabiliterande tenester.

Tiltak ein ikkje funne midlar til i 2025

- Auke dagplassar for demente til fem dagar i veka.
- Auke talet på avlastningsplassar for demente i institusjon.
- Auke tal timar med fast institusjonslege på BUAS.
- Opne fleire plassar med heildøgns omsorg BUAS
- Auke leiarstillinga på tenestekontoret med 20 %
- Styrke heimetenestene med fleire stillingar.

Tiltak og planar for 2026 til 2028:

Kommunal område helse jobbar etter vedtatt Helse – og omsorgsplan 2021 – 2028 som definerer fire strategiområder for korleis ein skal nå måla for å utvikle eit heilheitleg, koordinert, forutsigbart og framtidsretta tenestetilbod.

I ei tid med raske endringar i samfunnet vil tenestene si rolle som tilretteleggjar bli viktig. Fleire aktørar i lokalsamfunnet må gå saman for å finne nye løysingar. Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar får auka betydning og nye former for frivillighet må utviklast. Det vært jobba med å auke bruk av teknologiske løysingar for å sikre heilheit og samhandling for å løyse komplekse utfordringar.

Gjennom god arbeidsgjevarpolitikk skal vi sikre at tenestene blir berekraftige. Kvalitet på tenestene, samarbeid med utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljøet skal sikre utvikling og økonomisk berekraft. Vi skal ha dialog med relevante samarbeidspartnarar. Vi må i perioden arbeide for at helse- og omsorgstenestene beheld, rekutterar og vidareutviklar nok og rett kompetanse for å løyse dagens og morgondagens oppgåver.

Generelt

Nasjonale reformer og omstillingar har gitt kommunen eit tydlegare og større ansvar for befolkninga si helse og for at alle skal få nødvendige tenester. Velferdstenestene i Sykkylven skal vere berekraftige og skal sikre innbyggjarane gode levekår, og likeverdige tenester. I tråd med nasjonale utfordringar, står helse- og omsorgstenestene i kommunen overfor store oppgåver framover.

For Sykkylven ser vi at det framover vert ein tydeleg auke i eldre, og færre i yrkesaktiv alder. Folketalsutviklinga for Sykkylven vil ha store konsekvensar for kommunale helse og omsorgstenester, og det er behov for ei omstilling og endring av korleis tenestene vert gitt framover.

Nasjonalt er det ein trend å redusere behovet for institusjonsplass ved å auke fokus på



førebyggande tenester, meistringstiltak som større bruk av velferdsteknologiske løysingar, samt etablere nye måtar å arbeide på. Skal vi bygge eit aldersvenleg samfunn omfattar dette både lokalsamfunn og breidde i tenester. Målet er å sikre sjølvstende og meistring i kvardagen.

Kommunalområde helse omfattar desse einingane

- Bu- og aktivitetssenteret
- Heimetenestene
- NAV Sykkylven - Stranda
- Bu- og rehabiliteringstenestene
- Sykkylven legesenter

I tillegg ligg tenestekontor og koordinerande eining direkte plassert under kommunalsjef helse.

Generelt om området

Endringar i demografien tilseier at det vil vere avgjerande at kommunen greier å iverksette tiltak jf LEON prinsippet (lågast effektive omsorgsnivå), samtidig som at innbyggaren skal vere trygg på å få gode tenester når ein har behov for omfattande pleie og omsorg.

Bu trygt heime - reforma peikar på målet om at vi som eldre skal bu heime lenger og at framtidas lokalsamfunn må vere ein god plass å bu. Bustadpolitisk plan 2023-2035 skal gi retning, og kunnskapsgrunnlaget i planen understøttar kva som vert viktig satsing framover både innan den ordinære bustadmarknaden og bustadsosiale behov i Sykkylven.

Folkehelsearbeid handlar om å skape eit godt helsefundament og eigenomsorg i befolkninga, og beskriv det som vert viktig for å rigge oss for eit aldersvenleg samfunn. For å redusere og utsette behovet for helse og omsorgstenester må både teknisk, kultur, oppvekst og frivillig sektor bidra og vert avgjerande for å sikre førebyggande innsats. God samfunns- og sentrumsutvikling vil bidra for å legge til rette for at det vert tilgjengelege lettstelte leilegheiter med sentrumsnære funksjonar og fellesfunksjonar som kan bidra til at fleire kan

bu heime lengre, og at ein utnyttar tilgjengelege personellressursar godt i åra framover. I tillegg må eldre framover førebu seg på å måtte ta eit større ansvar for planlegging av eigen alderdom.

Velferdsteknologi er ei nasjonal satsing og ein ser store menneskelege og økonomiske fordelar ved at det i større grad vert nytta i helsetenestene. For å dimensjonere helse og omsorgstenestene rett framover, må vi iverksette strategiske og strukturelle grep. Dette skal bidra til å sikre at vi er budde på auken i ressursbehov dei neste åra.

Heimebasert omsorg

Heimetenestene er mobile og løysingsorienterte, fleksible og tilgjengelege for heimebuande. Det vert gitt både personleg bistand gjennom heimesjukepleie og praktisk bistand frå heimehjelp. Alle tenester vert gitt etter vedtak fatta etter helse og omsorgstenestelova ved tildelingskontoret.

For å sikre innhald, aktivitet og sosiale møteplassar har vi dagtilbod både til eldre og demente. For pårørande med særleg tyngande omsorgsoppgåver er både støttekontakt, time- og døgnlastning tilgjengeleg for å auke moglegheita for å stå i krevjande omsorgsoppgåver. Innsatsteam har ein viktig funksjon inn mot å styrke, kartlegge og auke innsats for sjølvstende og meistring i eigen heim lengst mogleg. Alle eldre 80+ får tilbod om heimebesøk.

Korttids- og rehabiliteringsavdeling skal sikre avklaring og rask rehabilitering med mål om å få avklart kva omsorgsnivå den enkelte pasient treng. Når behovet for palliativ behandling eller avklaring akutt behov som ikkje treng sjukehusbehandling vert naudsynt, er dette også tilbod som vert gitt ved denne avdelinga.

Når behovet er til stades, har vi mange ulike tenester på meir inngripande nivå, både bustader med heildøgns omsorg på Bu- og aktivitetssenteret, og når det ikkje lenger fungerer å bu i eigen heim, kan vi i dag tilby ulike institusjonsplassar og skjerma tilbod for demente.

Barn, unge og vaksne med ulike former for funksjonshindringar skal også sikrast gode tilbod om tenester på ulike innsatsnivå. Gjennom koordinerande tiltak, støttekontakt, avlastande tenester, og gode bu tilbod med bemanning, skal vi kunne ivareta brukar og pårørande sine behov.

Vaksne med nedsett funksjonsevne som kan bu i eigne bustader, får tilbod om ambulante tenester. I dag har vi i hovudsak bustader til dei som treng tilgjengeleg personell gjennom døgnet, og har behov for meir differensierte tilbod. Det manglar eigna buformer med felles areal og gode personalfasilitetar som kan bidra til tryggleik, og som i dag gir redusert moglegheit for å nytte personellressursane på ein god måte.

Dag og aktivitetstilbod for personar med nedsett funksjonsevne vert gitt ut frå behov. Nokre er ute i ordinært arbeid gjerne tilpassa og gjennom HELT MED ordninga som er for

personar som har behov for varig tilrettelagd i ordinært arbeid (VTO). Byrg har arbeidsplassar for personar med behov for varig tilrettelagd arbeid (VTA) og for personar som er uføre er Knutepunktet dagsenter er eit tilpassa dagtilbod.

Koordinering og tildeling av tenester er lagt til tenestekontoret som vurderer, sakshandsamar og fattar vedtak om helse og omsorgstenester til både barn, ungdom, vaksne og eldre.

Det er auka behov for tenester til barn og unge med samansette behov. Foreldre som har særleg tyngande omsorgsoppgåver har rett på avlastande tenester. Tilbod om både støttekontakt, timeavlastning og døgnavlastning i private heimar eller i institusjon skal vere gode alternativ.

Det er auke i behov for **psykisk helsehjelp**. Det er behov for å differensiere fleire tiltak både på førebyggande nivå og sikre at vi har tilgjengelege ressursar også på meir inngripande nivå når behovet er til stades. Det er behov for bustader for dei som har lågast bu evne og som treng oppfølging.

NAV skal vere tilgjengeleg og mobil, og møte innbyggjar for samtale, råd og rettleiing og har ulike støtteordningar. Ungdomsgarantien med ungdomsrettleiar i prosjektstilling driv oppsøkande verksemd blant anna på vidaregåande skule med mål om å bidra til å få fleire unge ut i arbeid.

Legetenester og akutt helseberedskap er ei viktig oppgåve i den akuttmedisinske kjede. Sykkylven er vertskommune for interkommunal legevakt. Kommuneoverlege skal bidra til samfunnsmedisinsk arbeid og miljøretta helsevern, samt skal vere medisinsk fagleg rådgjevar. Tenestene gir også tilbod om kommunale oppgåver som helsestasjonslege, helsestasjon for ungdom, oppfølging av flyktningar og tilsynslege ved institusjon.

	2023	2024	2025
Økonomisk ramme	193 592 000	209 337 000	22 1000 000

Moglegheiter og utfordringar:

Strategien som ligg i innsatstrappa skal bidra til at det vert skapt mål, og bevisstheit rundt kva for helsegevinst det ligg i meistring og deltaking gjennom aktivitet for eldre heimebuande. Målet er minst mogleg inngripen i ein innbyggjar sitt liv. Framover blir det fortsett svært viktig at vi saman med innbyggjar skaper felles forståing for denne satsinga. God innbyggardialog er viktig og innbyggaren må oppleve likeverd i møte med kommunen.

- Førebygging og innsats på lågast mogleg nivå vil utsette behovet for meir inngripande helse og omsorgstenester med blant anna frivillig innsats som ei støtte til det kommunale tilbodet

- Velferdsteknologi gir moglegheit for sjølvstende og meistring i ulike livsfasar og må framleis vere ein viktig del av tilbodet vi skal gi framover
- Digitalisering av arbeidsprosessar skal også sikre meir effektiv utnytting av ressursar framover
- Kva nivå vi har på tenestene vert også skapt ved dei forventningar innbyggaren har til kva tilbod kommunen har og skal ha framover
- Vi må sikre koordinerte tenester for best mogleg heilheit i kommunens tenestetilbod på tvers av sektorar og framstå heilskapleg i tenesteutforminga
- Ulike former for avlastande tiltak vert viktig å utvikle for at fleire pårørande skal oppleve avlastning og på denne måten sikre at fleire kan bu heime lenger
- Auke i komplekse oppgåver med overføring av oppgåver frå spesialisthelsetenesta, auka krav til medisinsk-fagleg kompetanse og spesialisert tenesteyting lokalt medfører at vi må spisse kompetanse og sikre rett bruk av kompetanse.
- Ei robust og stabil fastlegeordning og legevaktordning som sikrar den akuttmedisinske kjeda, skal sikre at vi har tilgjengeleg legehjelp for alle som bur eller oppheld seg i kommunen

Rekruttering og kompetanse

Det vert færre i yrkesaktiv alder i åra som kjem, og svært mange fleire eldre. Omlag 75% av budsjettet er reine lønsutgifter. Rekrutteringsutfordringane utfordrar budsjettet då det i stor grad er lovpålagte tenester i helse som bidreg til at ein må ha nok personell tilgjengeleg, og at det i stor grad er behov for innleige ved fråvær. Målet er å redusere behov for dyr innleige, og bruk av overtid ved fråvær og vakansar. Det ikkje tatt høgde for dyr vikarinnleige og ramme for bruk av overtid er redusert i budsjettramma.

Legetenestene

Å drive kommunalt legesenter med flest kommunalt tilsette fastlegar, gjer at driftsnivået vert høgt. Det positive er at vi no rekrutterer fastlegar og er på veg til å utvikle legesenteret inn mot ei meir berekraftig drift.

Pleie og omsorg

Det er så langt gjort viktige grep innan eldreomsorga der tenestene vert gitt på lågare innsatsnivå framover. Og tiltak for tidleg innsats er styrka for å kunne gi tenester til fleire eldre innanfor tilgjengelege personellressursar. Det vert viktig å sjå på nye arbeidsmetodar for å sikre forsvarleg og effektiv drift.

Det finst moglegheiter for at fleire skal kunne bu lengre heime og det er gjort ei styrking av avlastande tenester og heimebasert omsorg, dagaktivitet og leiing. Bustadpolitisk plan har framskrive behov for både sentrumsnære leilegheiter med fellesfunksjonar, og tilgjengelege servicefunksjonar i gangavstand. Vi har framleis lite differensierte buformer, og fram til det vert fleire tilgjengelege buformer i det ordinære bustadmarknaden.

Bu- og rehabiliteringstenestene

I bu og rehabiliteringstenestene er bustadmassen det vert gitt tenester i utfordrande, då utforming reduserer samdriftsfordelar og fleire opplever å vere utrygge og bur mindre eigna i dag. Det er behov for andre buformer for den eldre med nedsett funksjonsevne, og at fleire unge kan bu i tilrettelagte bustader med ambulante tenester.

Tilbod om avlastning og barnebustader er fragmenterte og vi sørvar i dag fleire einetiltak. Samlokalisering av barnebustader og avlastningstilbod vill sikre gode tenester.

Heildagstilbod til ungdom med utviklingshemming som går på ungdomsskule og vidaregåande skule, og som ikkje kan vere utan tilsyn før og etter skuletid, har ei knapp ramme i budsjettet, og det er utfordringar knytt til dagens driftsform, og svært krevjande å rekruttere personell til denne driftsforma.

Det ligg moglegheiter i å ha gode dagaktivitetar for personar med utviklingshemming og for personar med psykisk helseutfordringar. Lokala som Knutepunktet dagaktivitet vert drive i dag, er lite eigna og ser etter nye lokale som kan gi moglegheit for fleire differensierte aktivitetar.

NAV

Møglegheitene innan sosiale tenester ligg i råd og rettleiing for å sikre at vi saman finn gode løysingar med innbyggjarar som står i sårbare situasjonar.

Ungdom som står i fare for eller som står langt frå arbeidslivet, treng oppfølging for å kunne nå mål om arbeid og aktivitet. Flyktningar frå Ukraina har kort introduksjonsløp som gjer at dei snakkar i liten grad norsk etter gjennomgått introduksjonsprogram. Fleire har heller ikkje rettigheiter til å vere med i programma grunna helseproblem og alder (>55 år), og vil då vere avhengig av økonomisk sosialhjelp. Det er naudsynt å arbeide for inkludering og tilgjengelege plassar for arbeidsutprøving også innan kommunale tenester.

Tenestekontor og koordinerande eining

Koordinering er ei viktig satsing for barn, unge, vaksne og eldre som har samansette tenester av eit visst omfang. Kommunen har plikt til å koordinere tenestene om ein har 2 eller fleire helse og omsorgstenester om brukar/pårørande ønsker det. Barnekoordinator er lagt til koordinerande eining, og ein ser at omfang i behov for koordinerte tenester er aukande, og at det er utfordrande å få koordinatorar ute i tenestene til å ta på seg denne oppgåva. Det er ikkje funne rom for å auke kapasitet til tenesta i budsjettramma.

Hovudtiltak for å sikre økonomisk berekraftige tenester i 2025 og i økonomiplanperioden:

- Auke fokus på tildeling av tenester på rett nivå
- Heiltidskultur og prøve ut årsturnusar
- Oppgåvedeling i og mellom dei ulike sektorane i kommunen.

- Fortsette å legge til rette for at fleire kan ta fagbrev på jobb, og at studentar kjem til Sykkylven i praksis og som vikarar ved ferieavvikling
- Vidareutvikle bruk av velferdsteknologi/helseteknologi
- Førebu helsehus med samlokalisering av heimebasert omsorg, psykisk helseteam og legetenestene
- Sikre synergiar av etablering av ny barne - og avlastningsbustad
- Sikre gode butilbod til eldre med utviklingshemming gjennom drift av bukollektiv for eldre (Klokkartunet)
- Leige ut leilegheiter i ei avdeling på BUAS med ambulante tenester frå heimetenestene
- Følge framskriving av behov og iverksette tiltak som ligg i bustadpolitisk plan
 - etablere funksjonelle bustader og differensierede buformer
 - stimulere utbyggjarar til å bygge bustader ut frå behov skissert i plan
- Auke ulike avlastande tenester for å utsette behov for meir inngripande tiltak
- Vidareutvikle og målrette innsats ved bruk av innsatsteam til eldre som bur heime
- Måltid og ernæring skal ta ein meir aktiv rolle for å bidra til matglede og aktivitet i kvardagen
- Ha fokus på arbeidsglede på jobb som skal medverke til redusert sjukefråvær
- følgje prioriteringane til NAV, styrke rettleiing og brukaroppfølging som skal bidra til sysselsetting og som skal forhindre at innbyggjarar vert sosialhjelppsmottakarar
- auke samhandling mellom NAV og oppvekst for å betre fange opp ungdom som fell utanfor gjennom prosjektet Ungdom og utanforskap
- auke samhandling mellom NAV, vaksenopplæring og flyktning for å sikre felles strategiar for introduksjonsordninga
- målrette innsats i tenestene for at fleire kjem ut i arbeid gjennom å nytte tiltaksmidlar og mentorordning i NAV

Kommunalområde samfunn

Området omfattar kulturavdeling, eigedomsavdeling og teknisk avdeling.

Budsjettet er derfor sett opp etter inndeling i 3 avdelingar. Det vil seie kultur, teknisk og eigedom og teknisk samla.

Endringar frå budsjett 2024 til 2025

- Omlag same tenester som i 2024 innafor kultur
- Redusert ramme til vedlikehald gatelys
- Justert kostnadars som viser seg har vore underbudsjettet i 2024 innafor teknisk
- Reduserer den samla vaktmeisterresursen gjennom året gjennom naturleg avgang innafor eigedom.

Tiltak ein ikkje funne midlar til i 2025

- Vidareførar faste stønader til kulturhus og andre, som har avtale med kommunen. Ingen nye tilskotsmidlar til lag og foreiningar ut over dette.
- Ingen nye tilskott til ungdomstiltak. Avtale med Høbben vert vidareført på dagens nivå. Søknaden om å auke tilskotet er det ikkje rom for.
- Ingen tilskott til barne- og ungdomsorganisasjonar utover det som er i dag.
- Ingen kommunal vakthald – badevakter - ved Sykkylven symjehall – offentleg bading.
- Ikkje midlar til å oppretthalde 50% stilling som fagleiar idrett.
- Det er ikkje sett av midlar til ekstern bistand til sjøarealplanen
- Må gjennomføre full opplæring av nye brannpersonell gjennom meir enn 1 år. (burde vore gjort 1. året)
- Eigedom burde hatt meir midlar til vedlikehald av bygningar. ENØK prosjekt burde vore gjennomført i tidlegare enn lagt opp til.
- Ikkje sett av midlar til brøyting Fasteindalen.

Kulturavdelinga driv folkehelsearbeid i vid forstand. Avdelinga skaper møteplassar, trivsel og legg til rette for eit mangfold av kulturelle og fysiske aktivitetar. Gjennom lågterskeltilbod førebygg vi utanforskap og styrkar den sosiale berekrafta i kommunen.

Avdelinga omfattar generelt kulturarbeid, bibliotek, kinodrift, kulturskule og diverse idrettstiltak. Avdelinga har siste året fått tilført ansvar for frivilligentralen.

Driftsoppgåver knytt til bygg og anlegg er flytta til eigedom og teknisk.

Sykkylven kommune tilbyr kunst- og kulturaktivitetar og opplevingar i eit breitt spekter og av høg kvalitet. Tilgang til eit mangfold av kunst- og kulturopplevingar skal vere god og alle som ønskjer, skal ha høve til å uttrykke seg gjennom kunst og kultur.

Vi vil at innbyggjarar og tilreisande skal få gode opplevingar, god helse og livskvalitet gjennom dei kommunale tenestene, og idretts- og friluftstilbod. Sykkylven kommune skal stimulere sine innbyggjarar til auka deltaking, glede og meistring i kultur, idrett og friluftsliv.

Vi skal tilby profesjonelle tenester og ha eit kvalitetstilbod gjennom ulike kunst- og kulturarenaer i kommunen.

Sykkylven kulturhus er ein viktig møteplass for lag og organisasjonar, frivillig kulturliv og generell møteverksemd.

I nye Aure barneskule, finn ein og Aure idrettshall. Bruken av den vert styrt av kulturavdelinga, og har blitt eit fint tilskott til våre hallidrettar. Storhallen har hatt for liten kapasitet, og det ser no ut til vi er godt dekt med denne hallen på plass.

Sykkylven kulturskule er eit ressurssenter for heile kommunen. Kulturskulen har no nye og gode lokaler i den nye sentrumsskulen – Aure barneskule. Kulturskulen har fokus på eleven, meistringsglede, kunnskap og kreativitet. Kulturskulen følgjer Norsk kulturskuleråd sin rammeplan for kulturskule, og tilbyr undervisning innanfor ulike kulturuttrykk.

Sykkylven bibliotek har fekk nye flotte lokaler i 2023. Plassering på gateplan, utvendig parkområde, og moglegheit for samspele med andre brukarar i huset, skaper grunnlag for utvikling av gode framtidsretta tilbod til innbyggjarane. Den 15. August kunne dei markere at besøkande nummer 20 000 kom inn dørene! Dette viser at innbyggjarane sett veldig pris på biblioteket og har blitt flittige brukarar. Dei tilsette er veldig flink til å ha ulike arrangement, som og er med å gjere at mange finn vegen til lokalna. Det har også vore turistinformasjon gjennom sommaren knytt til biblioteket. Dette vert vidareført i 2025.

	2023	2024	2025
Økonomisk ramme	10 445 713	10 130 713	10 573 000

Moglegheiter og utfordringar:

Tilrettelegging for frivilligkeit er avgjerande for å gjere Sykkylven til ein endå betre kommune å bu i, for alle. Overføring av Frivilligsentralen til kultur og lokalisering saman med biblioteket, vil opne nye moglegheiter for samskaping, nye aktivitetar og engasjement.

Biblioteket er eit meir-ope bibliotek og vil utviklast vidare i samspele med andre aktivitetar i bygget.

Det er ei utfordring å ivareta idretts- og friluftsinteressene med dagens bemanning. Det gjer at det i periodar kan vere vanskeleg å innfri forventninga om oppfølging av ulike initiativ. Flytting av tekniske driftsoppgåver på bygg og anlegg frigjer noko kapasitet til kompensasjon for denne reduksjonen. Ei særleg utfordring ligg i å styrke innsatsen på friluftslivstiltak. Friluftsliv i ulike former er viktige lågterskeltilbod for alle aldersgrupper med

tanke på å stimulere til livslangt fokus på eiga helse. Ein er no og i gang å lage ein plan for friluftslivets ferdsselsårar i kommunen.

Kulturavdelinga er ein viktig bidragsytar inn mot frivilligheita i kommunen i form av støtte knytt til anlegg, tilskotsformidling, arrangement og kulturarbeid.

Kulturavdelinga arbeider for auka besøkstal på inntektsbringande arrangement, men har også redusert kinotilbodet i siste halvdel av året grunna lave besøkstal. Det vert meldt at dette har vore ein trend i heile landet.

Hovudtiltak for å sikre økonomiske berekraftige tenester i økonomiplanperioden:

- Tilpassa tilbod etter kva som er etterspurt på kino og kulturarrangement.
- Reduserte utgifter gjennom redusert bemanning.
- Reetablere frivilligsentralen og sikre nye aktivitetar inn mot frivillig arbeid, med særleg vekt på både flyktning, ungdom med mål om å bidra til å redusere utanforskap.
- Auka innsats for å utvikle frivilliginnsatsen inn mot ulike tenester i heile kommunen som skal bidra til tidleg innsats som utset behovet for kommunale tenester som helse og omsorgstenester.

Teknisk avdeling

Teknisk omfattar plan, byggesak, oppmåling/geodata, miljøvern, forureining, landbruksforvaltning, viltforvaltning, brann- og redning og drift og vedlikehald av kommunale vegar.

	2023	2024	2025
Økonomisk ramme teknisk / eigedom	59 159 200	61 694 000	71 790 600

Moglegheiter og utfordringar:

Teknisk avdeling må utnytte moglegheitene som ligg i endå meir effektiv sakshandsaming og syte for oppdatert planverk til ei kvar tid. God fagkompetanse på mange og ulike fagfelt sikrar høg kvalitet på sakshandsaming og tenester. Driftsavdelinga og brann er godt rusta med god kompetanse på sine oppgåver. Det har gjennom 2024 og vil gjennom 2025, vere ei større utskifting av personell til brann og redning. Dette medfører at mange må gjennom nye kurs og nytt matriell må kjøpast inn. Heldigvis var det god søkering til desse ledige stillingane.

Teknisk avdeling har ein stor del av budsjettet knytt til andre driftskostnadjar enn lønn. For vegdrift og brøyting har det vore vesentleg større prisauke enn gjennomsnitt elles i samfunnet. Kostnadane med 110-sentralen og nødnett har ein stor auke frå 2024 til 2025.

Brøyting av Fasteindalen vart tatt inn i budsjett for 2024, men er ikkje vidareført grunna svært stramme rammer.

Vegvedlikehaldet er i ferd med å få eit stort etterslep.

Klimaeffektar er forventa å bli ei stadig større utfordring i åra framover. Endra nedbørsmønster set nye krav til førebygging, drift og beredskap. Derfor er det viktig at det er midlar til rådvelde for å bruke til å handtere overflatevatn.

Hovudtiltak for å sikre økonomiske berekraftige tenester i økonomiplanperioden:

- Forsette å auke kompetansen, som gjer at ein kan utføre ulike tenester at etter kva tenester, som til ei kvar tid er etterspurt.
- Ha god styring på resursbruken på vintervedlikehald.
- Utnytte inntektpotensialet ved å justere opp gebyrinntekter til eit gjennomsnittleg nivå med samanliknbare kommunar

Eigedomsavdelinga

Eigedom omfattar felles forvaltning og drift, vedlikehald og utvikling av kommunal bygningsmasse og eigedomar. Avdelinga står for prosjektering og utvikling av nye byggeprosjekt. Det har vore og er stor aktivitet på avdelinga i høve mange nye prosjekt.

Eigedomsavdelinga ser store mogleigheter innan betre behovstilpassa bygningsmasse, at ein har eit enno tettare samarbeid med dei tenesteytande einingane som er brukarane av bygga.

Det må jobbast med forventingsavklaring i høve tenestenivå. Endra reinhalds- og driftskostnadar må og vere i fokus når ein planlegg ny eller endra arealbruk. Naturleg del av dette vil vere meir automatisering av tenestene.

Avdelinga koordinerer ei rekke av investeringsprosjekta som er vedteke av kommunestyret.

Straumprisar er ein vesentleg kostnad med stor usikkerheit i åra framover. Vidare investering i enøk-tiltak vil vere svært viktig. Avdelinga har stor nytte av at kommunen klarer å samle flest mogeleg av tenestene i færrast mogeleg bygg.

Hovudtiltak for å sikre økonomiske berekraftige tenester i økonomiplanperioden:

- Enøktiltak for å redusere energikostnadar
- Samarbeid med private om utbygging av bustader
- Oppgradering av bygningsmasse til dagens behov
- Nytte gunstige finansieringsordningar i husbanken
- Meir behovsprøvd reinhald og vaktmestertenester
- Oppfølging av bustadpolitisk plan

Stab, økonomi, personal og lønn, næring

Endringar frå budsjett 2024 til 2025

- Organisering med Stab som eige kommunalområde blir endra til å vere 4 einingar med klare fokus område under kommunedirektør.
- Kommunikasjon og dialog vert fokusert ytterlegare på gjennom 2025 – både intern og ekstern kommunikasjon..
- Klimabudsjett er i 1.versjon utarbeida for 2025 og vert meir og meir synleg i økonomiplanperioden. Klimaplanen for Sykkylven kjem og fram i 2025.
- IKT sikkerhet er svært viktig for alle kommunar sine system. Vi inngår i fellesavtale med andre kommuner i fylke på IKT sikkerhet i overgangen 2024/2025. Det ligg i budsjettframlegget.
- Digitalisering av arbeidsprosessar vil auke i omfang og kome raskare på plass.
- Vi satser på minst 10 lærlinger i løpet av 2025.
- Rekruttering – meir målretta tiltak og “spissing” på rekruttering (kompetanseheving innanfor rekrutteringsområdet)
- Styrke HMS – området – vi har høgt sjukefråver og det kostar kommunen mykje kvart år å ha tilsette sjukmeldt. Ved å arbeide meir målretta og forebyggande vil ein også kunne redusere sjukefråveret
- Leiarutvikling – gjere leiarane meir rusta til å utføre leiing

Tiltak det ikkje er funne midlar til i 2025:

- Nok ressursar til HMS arbeid
- Nok ressursar til å oppgradere og reinvestere ikt infrastruktur
- Nok ressursar fellestiltak alle tilsette – ein arbeidsgjevar – ein kommune
- Vaktordning IT
- Nasjonale og regionale tiltak og pålegg krev meir resursbruk av administrasjon, vi finn ikkje å kunne auke bemanninga for å løyse dette

Generelt om området:

Kommunedirektøren si ”forlenga” arm har stabssjef, personalsjef, økonomisjef med fagfolk under seg, samt næringsaktivitet i kommune og i omstillingsprogrammet.

Det er ei samla budsjettering og overordna mål for tenestene, sjølv om dei har ulike oppdragsbrev som gjev prioriteringar innan eigne område.

Det er mange fagområde i einingane under kommunaldirektør som skal gjere at Sykkylven kommune samla har god kontroll og framdrift i ei heilsakleg styring.

Tenestene er sårbar for tilsette og innbyggjarar. Samarbeid med andre bør vurderast innan ulike områder.

Tenesteområde består av løn/personal inkludert rekruttering, økonomi og rekneskap med innkjøp og klimabudsjett, arkiv /dokumentsenter, it og digitalisering, rådgivarfunksjonar,

internkontroll, beredskapssekretariat, politisk støtte, tillitsvalte/verneombod, og ein god del fellesutgifter for Sykkylven kommune.

Næring:

Under kommunedirektør ligg og oppgåvene for næring og næringsutvikling som eit av dei 4 einingane/fokusområda. Dette inneheld Sykkylven kommune si satsing på bistand og tilrettelegging for næring og næringsutvikling i kommunen, omstillingsprogrammet (2021-2026) og oppdraget til Sykkylven Næringsutvikling AS.

Det er viktig at ein i fellesskap legg til rette for ein næringssstrategi med like mål og som treff næringslivet best mogleg i Sykkylven. Både for eksisterande næringar og deira utvikling, samt næringar ein gjerne ynskjer inn i kommunen.

Det ligg i budsjettet ein auke i eigenandelen til omstillingsprogrammet for 2025 med kr 300.000,-. Dette er ein føresetnad frå Møre og Romsdal fylke.

Tilsvarande ligg det inne ein auke på 4,1% i oppdragsbrevet til SNU AS for 2025.

Sykkylven kommune skal vere ein næringsvenleg kommune og difor har ein og valgt å legge dette som eit eige område under kommunedirektør.

Økonomisk ramme	2023	2024	2025
	34 369 400	36 174 000	37 660 000

Moglegheiter og utfordringar:

Tenestene har ansvar for framdrift i høve satsinga vår på heilskapleg styring. Det skal gi heile organisasjonen mogelegheiter om vi klarer å halde fokus og styre mot felles overordna mål.

Dei tilsette og innbyggjarane som vi tilbyr tenestene våre til skal oppleve at vi framstår meir samlande i vår tenesteyting til dei.

Effektiv sakshandsaming gjennom meir digitalisering vil kunne gi oss ein gevinst. Vi utfordrar oss og andre heile vegen på kvar vi har meir å hente: for innbyggjar, den tilsette, og oss sjølv. Innbyggardialogen er og viktig. Møteplassar og digitale plattformer gir oss moglegheiter. Er vi god nok å setje brukar i fokus?

Kommunikasjonsplan som blir vedteken desember 2024 blir eit viktig verktøy og gir mogelegheiter for betre kommunikasjon både internt, men og eksternt.

Språk heng nøye saman med kommunikasjon. Klart språk er ei satsing frå KS som vi skal sjå nærmare på.

Generativ KI er både givande og krevjande for tenesteområda. Vi er i gang med retningslinjer og ser på mulighetene det kan gi, innanfor det lovverket som ligg der. Det er fortsatt mange uklare grensegangar å tilnærme seg på området.

Ny nasjonal digitaliseringstrategi for offentleg sektor blei lansert i september 2024. Denne blir viktig for oss å bruke som utgangspunkt for vår eigen strategi på området. Digi Møre og Romsdal gir oss kompetanseheving og samarbeid på alle tenesteområder slik at vi bedre kan forstå og sjå fleire gevinstar med digitaliseringa. Digitaliseringsdirektoratet har forbedra innsatsen knytt til meir samhandling av offentlege tenester. Vi opplev no ei satsing frå nasjonalt hald som er sterkare enn nokon gong. Auka digitalisering gir endra arbeidsprosessar og organisasjonsutvikling må vere i fokus til ei kvar tid.

I 2025 skal vi ha på plass ein arbeidsgjevarstrategi. Den skal bidra til heilskapleg tenking også på dette området. Målet er at vi skal ha sosial bærekraft i dei framtidige tenestene i heile kommunen. Ei målretta satsing vil gi oss føringar for korleis vi skal arbeide med mellom anna leiarutvikling, rekruttering, heiltidskultur og digitalisering.

Vi har sårbare fagmiljø. Ressursar til kompetanseheving er viktig for å kunne henge med i «faget» og styrke kompetansen vår. Nye lovkrav, endra fagsystem og andre sentrale endringar krev at vi blir oppdatert.

Fagområda våre har utfordring med rekruttering. Vi konkurrerer med eit attraktivt privat næringsliv og kommunane rundt oss. Løn, arbeidsmiljø, fagleg utvikling og kontorfasilitetar er viktige dimensjonar for å gjere gode rekrutteringar.

Ei anna utfordring er å tilpasse drift utifrå ressursar, forventningar og krav. Dei tilsette strekkjer seg langt for å levere raskt, fagleg godt, og etter forventningar frå innbyggjar og andre tilsette.

Prisvekst på driftsutgifter/fellesutgifter er ei utfordring for den samla ramma vår då auke i ramme ikkje alltid held seg oppe mot prisveksten. Vi får og meir og meir leasing/leige framfor investering. Dette gir auke i driftskostnader der vi før hadde finanskostnader. Denne situasjonen er krevjande å stå i, og blir til ei kvar tid nøye vurdert.

Hovudtiltak for å sikre økonomiske berekraftige tenester i økonomiplanperioden:

- Gjennom samarbeid, erfaringsdeling, digitalisering og styring skal vi jobbe mot å få ut den gevinstrealiseringa som vi treng.
- Digital transformasjon. For å skape effekt i deler av våre tenester skal vi få med resten av organisasjonen inn i den digitale transformasjonen som krevst av alle kommunar for å kunne tilby berekraftige tenester i framtida. Digital transformasjon inneheld ikkje berre teknologi, men er i seg sjølv eit organisasjonsutviklingsprosjekt. Vi må utvikle oss og vere tydeleg på at vi skal gå frå generasjon 2 til 3 og oppover i digitaliseringstrappa for å kunne ta ut effekten i organisasjonen (sjå figur under)
- I dag har vi i for stor grad fokus på driftsoppgåvane, desse skal i større grad automatiserast. Vi må i større grad legge til rette for utvikling på tenesteområda.
- Gjennom heilskapleg tenking og styring vil vi jobbe for at vi og heile organisasjonen blir med på tverrfaglege prosjekt



Figur 7 Digitaliseringstrappa

Politikk

Ansvarsområde er ikke vurdert med tanke på endring.

Endringar frå budsjett 2024 til 2025

- Stortingsval 2025 er lagt inn.

Tiltak det ikkje er funne midlar til i 2025:

- Politiske møter på dagtid
- Lagring av opptak frå politiske møter utover 6-12 månader
- Lærlingar utover inntil 10 personer

Økonomisk ramme	2023	2024	2025
	11 270 400	11 097 000	11 853 000



Investeringar i økonomiplanperioden

Bevilgningsoversikt investering jf. §5-5 første ledd						
Alle summar inkl MVA	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	Sum	
INVESTERINGAR						
Betalte avdrag (RAMME)						
Summen av investeringar	63 600 000	47 050 000	61 550 000	60 050 000	232 250 000	
Investeringar utover "Ramme"	63 600 000	47 050 000	61 550 000	60 050 000	232 250 000	
Sumnivå investeringar	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	Sum	
Bygningar og anlegg	31 800 000	20 100 000	37 000 000	34 500 000	123 400 000	
Ustyr og maskiner	7 800 000	2 850 000	2 450 000	3 450 000	16 550 000	
Vegar	7 300 000	7 400 000	5 400 000	5 400 000	25 500 000	
Anna	16 700 000	16 700 000	16 700 000	16 700 000	66 800 000	
Sum finansiering	63 600 000	47 050 000	61 550 000	60 050 000	232 250 000	
Bygningar og anlegg	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	Sum	
Investering omsorgsbygg		15 000 000	25 000 000	20 000 000	60 000 000	
Tiltak - Kaimråde	1 000 000				1 000 000	
Enøk-tiltak Kulturhus - KULTURBYGG - ENØK TILTAK			5 000 000		5 000 000	
Kunstgrasbana - undervarmeanlegg					0	
Helsehus					0	
Arbeidsrom lærarar Ungdomsskule - Ombygging SUSK	1 000 000	1 000 000			2 000 000	
Ombygging BUAS zone 1-2 og Haugnestunet		500 000	500 000		0	
Syklyven Storhall - utvendig oppgradering		500 000			1 000 000	
Toalettavd. kjeller kulturhuset (oppgradering)		2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 000 000	
Oppgradering rådhus	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	10 000 000	
Kaldgarasje - Teknisk			4 000 000		4 000 000	
Prosjektering omsorgsbygg	2 000 000				2 000 000	
ENØK - BUAS videre oppgradering	2 000 000				2 000 000	
Frivilligsentralen	2 800 000				2 800 000	
Barne & avlastningsbustad	12 000 000				12 000 000	
ROP-bustader	5 000 000			5 000 000	10 000 000	
Ungdomskulen uteområde	200 000				200 000	
Sykkelager utstyrssentralen	300 000				300 000	
Syklyven kulturhus - Amfi				5 000 000	5 000 000	
Dagsenter	1 500 000				1 500 000	
Branavarlingsanlegg kommunalebygg	500 000	500 000			1 000 000	
Sentrumsstiltak	1 000 000	600 000			1 600 000	
Sum bygningar og anlegg	31 800 000	20 100 000	37 000 000	34 500 000	123 400 000	
Ustyr og maskiner	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	Sum	
Nytt alarmsystem BUAS			200 000		0	
Meindigitalisering sakbehandling - ACOS Eiendom+					200 000	
Flytte websak - sky					-	
IKT-utstyr - løpende investering	800 000	800 000	800 000	800 000	3 200 000	
Arkiv - digitalisering byggsak					-	
IKT-utstyr skule (sanla)	300 000	300 000	300 000	300 000	1 200 000	
Fagsystem utvikling (IKT)					-	
Redningsutstyr brann	150 000	150 000	150 000	150 000	600 000	
Rydding eldre arkiv	1 500 000				1 500 000	
Kartlegging - Teknisk digitale kart					-	
Ny barnevernsløsning					-	
Legekontoret & helsehus	2 000 000				2 000 000	
Nytt journalsystem -Helse	400 000	400 000			800 000	
Generelt utstyr Oppvekst	300 000	300 000	300 000	300 000	1 200 000	
Generelt utstyr Helse	700 000	700 000	700 000	700 000	2 800 000	
El-billardere - for kommunalekjørerøy	200 000	200 000			400 000	
Lærebøker Skule	1 200 000			1 200 000	-	
BUAS Medisinhrom/Automat	250 000				250 000	
Sum utstyr og maskiner	7 800 000	2 850 000	2 450 000	3 450 000	14 150 000	
Vegar	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	Sum	
Meleridalen veg (tilleggsloving)					0	
Busslomme Kyrkjeparken					0	
Trafikkryggingsstiltak	400 000	400 000	400 000	400 000	1 600 000	
Gang/sykkelsti - Tynes - Blindheim(rest Tynes-Aure)	400 000	2 000 000			2 400 000	
Fortau opp G-lia - toppdekke renoverast					0	
Oppgradering vegar	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000	
Renovering av toppdekke/asfalt	2 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	11 000 000	
Kyststi og fortau ved småbathamna					-	
Gangbru over Aureelva	2 500 000				2 500 000	
Prosjektering Grebstadvegen					-	
Sum vegar	7 300 000	7 400 000	5 400 000	5 400 000	25 500 000	
Anna	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	Sum	
Eigenkapitalinnskot KLP	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000	5 600 000	
Investeringstilskot kyrkjeleg fellesråd	300 000	300 000	300 000	300 000	1 200 000	
Ansvarleg lån Storfjordterminalen					0	
Adresseering Fjellsætra					0	
Sal av fast eigedom					0	
Refusjon frå staten					0	
Til disposisjon for formannskapet					0	
Opptak av Startlån	15 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000	60 000 000	
Sum Anna	16 700 000	16 700 000	16 700 000	16 700 000	66 800 000	
Investering	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	Sum	
Finansiering	63 600 000	47 050 000	61 550 000	60 050 000	232 250 000	
MVA-kompensasjon	- 9 140 000	- 6 070 000	- 8 970 000	- 8 430 000	- 32 610 000	
Tilskotsmidlar	-	- 7 500 000	- 12 500 000	- 10 837 500	- 30 837 500	
Bruk av fondsmidlar	- 1 400 000	- 1 400 000	- 1 400 000	- 1 400 000	- 5 600 000	
Bruk av lån til investeringsføremål	- 38 060 000	- 17 080 000	- 23 680 000	- 24 382 500	- 103 202 500	
Bruk av lån til vidareutlån	- 15 000 000	- 15 000 000	- 15 000 000	- 15 000 000	- 60 000 000	
Sum finansiering	- 63 600 000	- 47 050 000	- 61 550 000	- 60 050 000	- 232 250 000	
Lå nemidlar	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028	Sum	
Budsjettert bruk av lå nemidlar til investeringar	- 38 060 000	- 17 080 000	- 23 680 000	- 24 382 500	- 173 256 000	
Lå nemidlar oppteke i år 2022 eller tidlegare	-	-	-	-	-	
Nytt låneoppnak	- 38 060 000	- 17 080 000	- 23 680 000	- 24 382 500	- 173 256 000	

Investeringsdelen i økonomiplanen inneholder åra 2025 – 2028.

2025: (ein har ikkje lagt inn utfyllande kommentarar på investeringane då namn/investeringsobjekt er ganske forklarande)

INVESTERINGAR	År 2025
Bygningar og anlegg	#REF!
Tiltak - Kaiområde	1 000 000
Arbeidsrom lærarar Ungdomsskule - Ombygging SUSK	1 000 000
Oppgradering rådhus	2 500 000
Prosjektering omsorgsbygg	2 000 000
ENØK - BUAS videre oppgradering	2 000 000
Frivilligentralen	2 800 000
Barne & avlastningsbustad	12 000 000
ROP-bustader	5 000 000
Ungdomskulen uteområde	200 000
Sykkellager utstyrssentralen	300 000
Dagsenter	1 500 000
Brannvarslingsanlegg kommunalebygg	500 000
Sentrumstiltak	1 000 000
Sum bygningar og anlegg	31 800 000
Utstyr og maskiner	#REF!
IKT-utstyr - løpende investering	800 000
IKT-utstyr skule (samla)	300 000
Redningsutstyr brann	150 000
Rydding eldre arkiv	1 500 000
Legekontoret & helsehus	2 000 000
Nytt journalsystem -Helse	400 000
Generelt utstyr Oppvekst	300 000
Generelt utstyr Helse	700 000
El-billardere - for kommunalekjøretøy	200 000
Lærebøker Skule	1 200 000
BUAS Medisinrom/Automat	250 000
Sum utstyr og maskiner	7 800 000
Vegar	#REF!
Trafikktryggingsstiltak	400 000
Gang/sykkelsti - Tynes – Blindheim (rest Tynes-Aure)	400 000
Oppgradering vegar	2 000 000
Renovering av toppdekke/asfalt	2 000 000
Gangbru over Aureelva	2 500 000
Sum vegar	7 300 000

2026:

INVESTERINGAR	År 2026
Bygningar og anlegg	År 2026
Investering omsorgsbygg	15 000 000
Arbeidsrom lærarar Ungdomsskule - Ombygging SUSK	1 000 000
Sykkelven Storhall - utvendig oppgradering	500 000
Oppgradering rådhus	2 500 000
Brannvarslingsanlegg kommunalebygg	500 000
Sentrumstiltak	600 000
Sum bygningar og anlegg	20 100 000
Utstyr og maskiner	År 2026
IKT-utstyr - løpende investering	800 000
IKT-utstyr skule (samla)	300 000
Redningsutstyr brann	150 000
Nytt journalsystem -Helse	400 000
Generelt utstyr Oppvekst	300 000
Generelt utstyr Helse	700 000
El-billardere - for kommunalekjøretøy	200 000
Sum utstyr og maskiner	2 850 000
Vegar	År 2026
Trafikktryggingsstiltak	400 000
Gang/sykkelsti - Tynes - Blindheim(rest Tynes-Aure)	2 000 000
Oppgradering vegar	2 000 000
Renovering av toppdekke/asfalt	3 000 000
Sum vegar	7 400 000

2027:

Bygningar og anlegg	År 2027
Investering omsorgsbygg	25 000 000
Enøk-tiltak Kulturhus - KULTURBYGG - ENØK TILTAK	5 000 000
Sykylven Storhall - utvendig oppgradering	500 000
Oppgradering rådhus	2 500 000
Kaldgarasje - Teknisk	4 000 000
Sum bygningar og anlegg	37 000 000
Utstyr og maskiner	År 2027
Meirdigitalisering saksbehandling - ACOS Eiendom+	200 000
IKT-utstyr - løpende investering	800 000
IKT-utstyr skule (samla)	300 000
Redningsutstyr brann	150 000
Generelt utstyr Oppvekst	300 000
Generelt utstyr Helse	700 000
Sum utstyr og maskiner	2 450 000
Vegar	År 2027
Trafikktryggingsstiltak	400 000
Oppgradering vegar	2 000 000
Renovering av toppdekke/asfalt	3 000 000
Sum vegar	5 400 000

2028:

INVESTERINGAR	År 2028
Bygningar og anlegg	År 2028
Investering omsorgsbygg	20 000 000
Toalettavd. kjeller kulturhuset (oppgradering)	2 000 000
Oppgradering rådhus	2 500 000
ROP-bustader	5 000 000
Sykylven kulturhus - Amfi	5 000 000
Sum bygningar og anlegg	34 500 000
Utstyr og maskiner	År 2028
IKT-utstyr - løpende investering	800 000
IKT-utstyr skule (samla)	300 000
Redningsutstyr brann	150 000
Generelt utstyr Oppvekst	300 000
Generelt utstyr Helse	700 000
Lærebøker Skule	1 200 000
Sum utstyr og maskiner	3 450 000
Vegar	År 2028
Trafikktryggingsstiltak	400 000
Oppgradering vegar	2 000 000
Renovering av toppdekke/asfalt	3 000 000
Sum vegar	5 400 000

Alle investeringsprosjekt skal etablerast med ein prosjektorganisasjon, der både fag/tenestene og evt bygg/anlegg inngår. Der skal det gå klart fram prosjekteigar og prosjektleiar. Det skal stå tydleg i prosjektplan både mandat, mål og gevinst.

Alle prosjekt/investeringar skal godkjennast av kommunedirektør/kommuneleiinga før oppstart og skal evaluerast for å ta ut gevinst ved investeringa.

Saksgang:

Sak om budsjett 2025 og økonomiplan 2025- 2028 vert lagt fram den 11.november.

Formannskapet innstiller i saka, og legg den ut til offentleg ettersyn i 14 dagar i sitt møte den 28.november.

Kommunestyret får saka til handsaming i møte den 16. desember.

Kommunedirektøren sitt innspel til innstilling i formannskapet.

Sykylven kommunestyre vedtek:

1. **Skatteøret** vert sett til den maksimale satsen Stortinget vedtek.
2. **Eigedomsskatt**
 - a. Eigedomsskatt skal skrivast ut i medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3
 - b. Eigedomsskatt skal gjelde faste eigedomar i heile kommunen, unntake næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglare for petroleum.
 - c. Satsen for eigedomsskatt for 2025 vert sett til 2,7 Promille
3. **Opp tak av lån** for finansiering av investeringar. Kommunestyret godkjenner låneopptak inntil kroner,- for å dekke investeringar i 2025 i punkt 6 i innstillinga. Låneopptak vert gjennomført i samsvar med Sykylven kommune sine økonomireglement. Låneopptak for
4. **Opp tak av lån** for videre utlån
Kommunestyret godkjenner opptak av startlån for videre utlån fra Husbanken på 15 million kroner. Låneopptak vert gjennomført i samsvar med Sykylven kommune sine økonomireglement.
5. **Disponering av driftsrammer**
Dei totale driftsrammene som kjem fram i skjema 1A og 1B (vedlegg 1 og 2). Rammene vert disponert av kommunedirektøren og i samsvar med delegeringsfullmakter.
6. **Disponering av investeringsrammer** Dei totale investeringsrammene som kjem fram av skjema 2A og 2B vert vedtatt (vedlegg 3). Rammene vert disponert av kommunedirektøren og i samsvar med gjeldande delegeringsfullmakter.
7. **Finansielle måltal:**
Sykylven kommunestyre vedtek følgjande finansielle måltal:
 1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
 2. Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
 3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035.

Vedlegg

Eitt vedlegg, med følgande innholdsliste:

EKSTERNE (1-3)

1. Sykkylven kontrollutval: Budsjetttramme kontollarbeidet 202
2. Kyrkjeleg fellesråd: Budsjettforslag – driftstilskot 2025
3. Kommunebarometer 2024 (2023 tall)

INTERNE (4-9)

4. Bevilgningsoversikt drift jf. § 5-4 første ledd
5. Bevilgningsoversikt drift jf. § 5-4 første ledd overordna nivå
6. Bevilgningsoversikt investering jf. § 5-5 første ledd
7. Økonomisk oversikt drift jf. § 5-6
8. Klimabudsjett tiltak